

NYNORSK
KULTURSENTRUM

ÅRSMELDING 2025

Boksamlinga til
Olav H. Hauge

Innhold


3	Hovudtala for 2025
4	Helsing frå direktøren
6	Høgdepunkt i 2025
8	Om Nynorsk kultursentrum
9	Bærekraft, miljø, klima
10	Tidslinje
12	Organisasjonen
13	Mangfaldsplakaten
14	Organisasjonskart
16	Styret
17	Samarbeidspartnarar
18	Strategi
22	Vinjesenteret og Litteraturdagane
26	Haugesenteret og Poesifestivalen
30	Aasentunet og Festspela
34	Forsking og samling
40	Formidling
46	Økonomi
47	Sal
48	Politisk arbeid
49	Kommunikasjon
50	Signaturar

FOTO André Hustoft Nesheim, Gudrun Semons, Ann Kristin Sørensen, Mari Tveiti, Kjersti Perjord Vartdal, Ingeborg Langballe Storebø, Olav Øyehaug Opsvik, Geir Netland, May Linn Clemet, Ådne Dyrnesli, Simone Stibbe / Skald forlag, Ida Haugland, Åsta Vadset, Ingvild Runde, Stina Aasen Lødemel, Maria Fet, NRK / Øyvind Berge Sæbjørnsen, Siri Beate Gjerde, Samlaget, Scandinavian University Press, Anne Turid Nøkland


Hovudtal for 2025

Forskning og samling

Publiserte objekt på DigitaltMuseum



Vitskaplege publikasjonar




Tilsette med forskningstid




Formidling


Samla gjestetal



Prosentvis barn og unge av totalt gjestetal



Oppdrag til utøvarar




Tal arrangement




Samarbeid og utvikling


Eigenkapital av driftskostnader



Frivillige



Kommunar med aktivitet



Helsing frå direktøren

Kva er du villig til å forsvare? Og kva for våpen vil du bruke?

I perioden denne årsmeldinga blir skriven, på nyåret i 2026, endrar den geopolitiske situasjonen seg frå time til time. Eg er nokre få år eldre enn stiftinga Nynorsk kultursentrum, og i levetida til oss begge har verda, og tryggleiken vår, aldri vore meir uføreseieleg enn no. Er dette berre ein absurd test? Eller må vi faktisk bu oss for det verst tenkjelege?

Alvoret som ligg og murrar i bakgrunnen for små og store syslar i kvardagen, kan få alt til å verke både mindre og større. Kva betyr livet mitt, familien min, arbeidsplassen min, bygda mi, nabolaget mitt i det store biletet? Er det verd å halde på – å forsvare – om det skulle røyne på? Tidlegare denne vinteren høyrde eg statssekretær i Forsvarsdepartementet, Marte Gerhardsen, snakke om forsvarsviljen. Det er dette det kokar ned til. Vi kan produsere og kjøpe så mange våpen vi vil, men nokon må vere villige til å ta dei i bruk når det gjeld.

Dette er interessant å tenkje på parallelt med at mange av oss som er avhengige av statlege bidrag for å gjere jobben vår, får høyre at no er det forsvaret som gjeld. Men samstundes som der er brei politisk semje om at det trengst opprusting, er spørsmål om kulturell identitet, polarisering og samhold og ikkje minst nasjonal identitet i større og større grad i spel.

Det mest vellukka oppsparket til ein offentleg debatt om slike spørsmål, med omsyn til merksemd og talet på til-

svar, kom frå statsvitar og nobelkomitemedlem Asle Toje. Innlegget hans, *Vil Norge overleve det som kommer?*, var så svulstig og ullent formulert at han har blitt skulda for å bruke kunstig intelligens til å skrive det.

Med fare for å vere ganske svulstig sjølv, vil eg seie at det er der vi kjem inn. Vi som jobbar kvar dag for kulturen, litteraturen, språket og ordet. Musea er kanskje ikkje alltid rusta til å hoppe på dei mest akutte sakene, og tempoet til verda rundt oss skapar heilt klart utfordringar for vår kjerneoppgåve: å sortere og fortelje historiene som gir meining til alt som susar forbi. Museumsarbeid tek tid, men det vi får att når vi er på vårt beste, er presisjon og nyansar.

I denne årsmeldinga vil du finne forteljingar om arbeidet til dei fantastiske tilsette i Nynorsk kultursentrum, og alle menneska i inn- og utland som dei samarbeider med, for å forsterke, fornye og nyansere forteljinga om Noreg. Nynorsk kultursentrum og familien rundt oss har samla tusenvis av menneske til å sjå kvarandre, til å oppleve ny



*Olav Øyehaug Opsvik,
direktør i Nynorsk kultursentrum*

innsikt, uventa perspektiv og uttrykk, og til å bli klokare saman. Vi har sortert og rydda og skrive fram ny kunnskap.

I 2025 har vi feira Aasentunet. Det var 25 år sidan den storarta Sverre Fehn-bygningen her i Hovdebygda opna for publikum og den daglege drifta av stiftinga Nynorsk kultursentrum tok til for alvor. Sidan den gongen har vi blitt mange fleire, og i 2025 har vi også utvida og utvikla tilbodet ved både Vinjesenteret og Haugesenteret, samstundes som ei omfattande fornying av Aasentunet har teke viktige steg framover.

I tillegg har vi teke nasjonalt ansvar med ein bevaringsplan for privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur, og forskarane våre held fram med å skaffe og publisere ny kunnskap om språkplanlegging i kommunar og om norsk litteratur i Nazi-Tyskland.

Utviklinga i verda rundt oss gjer det viktigare å samarbeide internasjonalt. Derfor har Nynorsk kultursentrum frå 2025 blitt medlem i Network to Promote Linguistic Diversity

– eit europeisk nettverk som jobbar for å betre tilhøva for mindre brukte språk.

Samstundes som vi må orientere oss og ta grep for å møte mylderet av endringar som oppstår kvar dag, skal Nynorsk kultursentrum aldri gløyme kva som er det aller viktigaste vi gjer: Vi møter folk og skapar rom der folk kan sjå kvarandre og bli klokare saman.

Desse møtestadene, alle folka vi knyter til oss, og kunnskapen – orda – vi løftar fram, er våre våpen, som vi skal halde fram med å bruke til det beste for mangfaldet, demokratiet, språket og kulturen. God lesnad!

O. Ø. Opsvik

Ørsta, 25. februar 2026,
Olav Øyehaug Opsvik, direktør

Høgdepunkt i 2025

Administrasjon og kommunikasjon

Nye nettstader! Nynorsk.no og lurivar.no vart i løpet av året flytta til KulturIT si nettstadløyning, Museum24. Denne løysinga er spesielt tilpassa museum.



Arbeid med organisering! Ein god arbeidskvardag innanfor gode rammer er ein av dei viktigaste føresetnadene for eit godt arbeidsmiljø. Vi har derfor arbeidd godt og grundig gjennom heile året med den interne organiseringa og stillingsstrukturen i organisasjonen. Alle tilsette har vore involverte og bidrege til ei ny og betre organisering som gjeld frå 1.1.2026.

Internasjonalt språksamarbeid!

I mai 2025 vart Nynorsk kultursentrum teke inn som assosiert medlem i Network to promote linguistic diversity (NPLD) under generalforsamlinga deira i Pamplona, Spania. NPLD er eit nettverk som jobbar på tvers av landegrensar i Europa, og ofte opp mot EU-systemet, for å betre tilhøva for mindre brukte språk. Vi vonar og trur medlemskapen der vil gi ny innsikt og nye moglegheiter for fruktbare samarbeid.

Forskning og samling

Bevaringsplan for nynorskarkiv! Vi gjorde ferdig planen *Nasjonale bevaringsplan for privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur 2025–2029*. Formålet med bevaringsplanen for nynorskarkiv er å leggje grunnlaget for ei systematisk bevaring av slike arkiv.

Førstekonservatorar NMF! I løpet av året vart to av forskarane våre autoriserte som førstekonservator NMF.

Boklansering! Den vitskaplege monografien *Norsk litteratur i Nazi-Tyskland. Forfattarar, forleggjarar og agentar under det nasjonal-sosialistiske kulturregimet* av Narve Fulsås vart lansert i september.

Symra! Ivar Aasen si *Symra* kom endeleg kom ut i nytt opplag! Etter innspel frå oss, og med bidrag frå oss i arbeidet med utgivinga, kom Samlaget med ei ny utgåve av *Symra* i år.

Nynorsk salmebok 100 år!

I samband med 100-årsjubileet for *Nynorsk salmebok* vart det laga ei ny temautstilling. Jubileet vart også markert med arrangement under Festspela.



Solnør! Etter avtale med dei nye eigarane av Solnør gard i Skodje har vi fått høve til å gå gjennom boksamlinga, brev og papir som finst der. Til no har det dukka opp to objekt som inneheld spor av Aasen.

Formidling

Litteraturhus i Møre og Romsdal!

Det vart sett endå ein ny publikumsrekord i 2025 med 6851 gjester fordelt på 125 arrangement. Dette er eit fast samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, Bjørnsonfestivalen, Møre og Romsdal fylkeskommune og alle biblioteka i fylket. Vi mottek også støtte frå Human-Etisk Forbund, Fritt Ord, Kulturrådet og SpareBank 1 Nordmøre.



Panelsamtale i Latvia! Vi deltok med innlegg og i panelsamtalar om språkmangfald og demokrati på festivalane Avots og Lampa i Latvia.



Vinjesenteret og Litteraturdagane

Diktarheimen Midtbø! Sommaren 2025 kunne Vinjesenteret tilby omvisingar på Midtbø, heimen til diktarparet Halldis Moren Vesaas og Tarjei Vesaas. Det er ei stor oppleving å vere på garden der dei budde frå 1934 til 1970, og garden er ein viktig del av norsk kulturarv.



Utseld festival! Interessante samtalar om litteratur og sakprosa, inspirerande føredrag og god musikk, gjorde Litteraturdagane 2025 til ein stor suksess for publikum og deltakarar. Festivalpassa vart utselde, og det var stort sett trangt om plassen i år!



Solplomme! Anna Kleiva og Vilde Tuv sitt tingingsverk til Festspela i Aasentunet i 2023 vart sendt på turné til Lifjell kunstsenter, Smørklepp kunstmuseum og Nutheim gjestgiveri i solrike og varme maidaigar.

Haugesenteret

Ny utstilling ved Haugesenteret!

«Det er utvalet som gjer ei boksamling, ikkje talet. Hundrad bøker kann vera nok åndeleg føde for ein mann, 1000 kann ofte vera for lite.»

Olav H. Hauge i dagboka, 12. juli 1945

I desember 2025 opna ei ny utstilling som formidlar historia om boksamlaren Olav H. Hauge. For første gong kan publikum sjå heile boksamlinga til Hauge på over 4000 bind. Den nye utstillinga har freista sjå på samhengane mellom leselysta, diktinga og bøkene til dikteren frå Ulvik. Kanskje kan utstillinga opne opp for nye blick på Hauge sin forfattarskap, og på den måten gi både ny og varig verdi for ei unik forfattarboksamling som denne. Gjennom å kaste lys over ulike delar av Hauge si boksamling håpar vi å opne nye dører inn til ei av dei mest markante poetiske røystene i Noreg.



Museumsleiar Jorid Lekve Eide opnar den nye utstillinga om boksamlaren Olav H. Hauge. Boksamlinga til Hauge er på plass i nye bokskåp, og for fyrste gong stiller Haugesenteret ut heile forfattarboksamlinga på over 4000 bind.

Aasentunet og Festspela

Snakk om språk! Bli kjend med Ivar Aasen! Kvar haust inviterer vi skuleelevar i Ørsta og Volda til Aasentunet. I år vart 200 elevar frå 3. trinn kjende med Ivar Aasen, og elevane på 10. trinn fekk ei underhaldande og lærerik oppleving om språk.

Aasentunet markerte

25-årsjubileum under Festspela!

Vi inviterte til gratis opning torsdag 12. juni med festspeldiktar Marit O Kaldhol, dansar Bao Andre Nguyen og musikal Steinar Raknes. Åse Kleveland heldt opningstalen, og vi delte ut prisen Årets nynorskbrukar. Opninga vart avslutta med ein stor-slått konsert med Stein Torleif Bjella.



Symra-jubileet! Symra av Ivar Aasen vart løfta fram på Festspela, mellom anna med føredrag og samtale med Gunnhild Øyehaug, Runar Gudnason, Stein Arnold Hevrøy, Jens Kihl og festspeldiktar Marit O Kaldhol. Kaldhol skreiv også diktet «Til Symra» til Festspela.

Forprosjekt for ny basisutstilling!

Prosjektgruppa for ny basisutstilling i Aasentunet leverte i november eit ferdig forprosjekt for utstillinga til styret. Det var ein viktig milepåle for prosjektet som etter planen skal vere ferdig i 2028.

Om Nynorsk kultursentrum

Tre museum, eitt ansvar

Med tre museum spreidde over landet og eit oppdrag forankra i målsaka arbeider Nynorsk kultursentrum for å bevare, styrkje og formidle den nynorske skriftkulturen.

Nynorsk kultursentrum skil seg ut i det norske museumslandskapet, særleg etter museumsreforma der store, konsoliderte regionmuseum har blitt det mest normale. Nynorsk kultursentrum har tre relativt små museum spreidde over tre fylkeskommunar og med ganske stor geografisk avstand.

Vi er små, unike museum fordi vi har både ei unik historie og eit stort, spesielt oppdrag.

Oppdraget og verksemda vår heng direkte saman med målsaka og historia om den nynorske skriftkulturen. Forteljinga vår startar med at det første Ivar Aasen-museet opna i Hovdebygda i 1898. Stiftinga vår vart etablert først i 1993, som ei viktig brikke i planlegginga av eit nytt og moderne museum. Stiftinga tok på seg eit

større oppdrag enn å formidle historia om Ivar Aasen – vi skal arbeide for nynorsk skriftkultur.

Gjennom forvaltninga av samlingane og arkiva våre, forskinga vår og det utoverretta arbeidet på våre eigne museum, og gjennom eit mylder av aktivitet i heile landet så vel som på internett, spreier vi kunnskap og styrkjer medvitet om nynorsk skriftkultur.

Vi forvaltar og fortel om ein avgjerande del av forteljinga om Noreg, samstundes som vi alltid legg vekt på å bevare og styrkje det nynorske språket og kunsten, journalistikken, forskinga, institusjonane og ideane som spring ut av denne særeigne skriftkulturen. Det er eit unikt og stort oppdrag. Derfor er vi ein unik og sterk kulturinstitusjon.

FØREMÅLSPARAGRAFEN

«Den ideelle stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.»

Frå vedtektene for Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, 24.4.2025

STIFTARAR OG PARTNARAR

Høgskulen i Volda / Høgskulen på Vestlandet / Landssamanslutninga av nynorskkommunar / Litteraturselskapet Det Norske Samlaget / LL Det Norske Teatret / Møre og Romsdal fylkeskommune / Møreforskning AS / Noregs Mållag / Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet / Noregs Ungdomslag / Rogaland fylkeskommune / Stiftinga Møre folkehøgskule / Stiftinga Viti / Ulvik herad / Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet / Universitetet i Bergen / Universitetet i Oslo / Telemark fylkeskommune / Vestland fylkeskommune / Vestmannalaget / Vinje kommune / Volda kommune / Ørsta kommune

Berekraft, miljø, klima



I den nye utstillinga om boksamlaren Olav H. Hauge ved Haugesenteret er det over 50 år gamle golvet frå Heradssalen beholdt.

Vi ser framover

Nynorsk kultursentrum skal vere eit framtidretta museumsorganisasjon. Det forpliktar oss til å arbeide for ein berekraftig planet.

Nynorsk kultursentrum har ein lang tradisjon med å legge vekt på berekraft og klimatiltak. Vi var til dømes tidleg ute med å bruke elektrisk varebil til museet i Aasentunet. I inneverande strategiperiode (2023–2028) skal stiftinga arbeide med å etablere betre rutinar for å måle og systematisk redusere fotavtrykket vårt.

Dei viktigaste utsleppskjeldene våre er transport, særleg flyreiser. Derfor har vi sidan 2023 talt alle flyreiser og rekna ut CO₂-utslepp for dei. Med utgangspunkt i desse målingane kan stiftinga no evaluere tiltak som blir prøvde ut for å redusere utsleppa frå flyreiser på ein meir systematisk måte. Stiftinga har allereie rutinar for å gi til dømes utøvarar på festivalar insentiv til å velje andre reisemåtar enn fly og å gi gjester oppmoding og informasjon om korleis dei enklare kan ta klimavennlege val når dei skal besøkje arrangementa våre. Vi arbeider med å sjå etter om rutineane fungerer godt nok, og må vurdere ytterlegare tiltak om resultatata talar for det.

Forprosjektet for ny museumsutstilling i Aasentunet tematiserer berekraft på fleire område. I arbeidet med utstillinga vil vi leggje vekt på sentrale berekraftsmål som

ein viktig del av dei temaa vi skal formidle. Omsynet til berekraft er også viktig for den fysiske tilrettelegginga av utstillinga. Målet er å redusere klimaavtrykket med nye installasjonar og betre og smartare klimastyring. Det blir også lagt stor vekt på bruk av berekraftige materiale.

Berekraft i formidlinga har også vore eit tema i 2025. Formidlar ved Aasentunet deltok på eit seminar om berekraftformidling for museum og vitensenter. Seminaret bidrog med ny kunnskap og tips om konkrete tiltak, formidlingsmetodar og val av materiale og gjenbruk i berekraftig utstillingsproduksjon.

Klima- og miljøarbeid handlar om å sjå heilskapen. Derfor er alle tiltak like viktige – anten det gjeld kjeldesortering av avfall i personal- og publikumsområda, kortreiste matvarer, meir klimavennleg mat i museumskafeane og på festivalane våre eller tradisjonelle enøktiltak.

Historia vår raskt fortalt



Det moderne Aasentunet, teikna av Sverre Fehn, opnar.

Nynorsk kultursentrum arrangerer Dei nynorske festspela for første gong. Den første nynorske festspelveka vart arrangert i 1992.



Arkitekt Sverre Fehn får oppdraget med å teikne Aasentunet.

Ivar Aasen-museet blir modernisert med bygget som i dag heiter Steinhuset.

1898 >>> 1946 >> 1993 > 1996 > 1999 > 2000

Det første Ivar Aasen-museet opnar i Hovdebygda.

Nynorsk kultursentrum vert stifta med namnet Ivar Aasen-stiftinga.



Signaturane i stiftingsprotokollen 30. august 1993.

Ottar Grepstad blir tilsett som direktør i Nynorsk kultursentrum. Han går av med pensjon i 2018.



Vinjesenteret
i Telemark opnar.

Nynorsk kultursentrum
vert kåra til Årets museum av
Norges museumsforbund.

2008 > 2013 > 2014 > 2015 > 2018 > 2021

allkunne

– levande leksikon

Det nynorske nettleksikonet Allkunne blir skipa. Allkunne blei lagt ned ved utgangen av 2021, då Nynorsk kultursentrum inn-gjekk eit samarbeid med Store norske leksikon.

Haugesenteret i Ulvik opnar.



Nynorsk kultursentrum
arrangerer Ulvik Poesifestival
for første gong. Festivalen tok til
i 2001.



Nynorsk kultursentrum
arrangerer Litteraturdagane
i Vinje for første gong.



Organisasjonen

Trygge rammer

I 2025 har Nynorsk kultursentrum gjennomført moderate, men avgjerande endringar for å styrkje og vidareutvikle arbeidsmiljøet og organisasjonskulturen.

Å jobbe i kultursektoren kan vere svært givande, interessant og meningsfullt. Det er eit stort mangfald av arbeidsoppgåver som gir rom for å vere kreativ og søkje samarbeid i mange retningar, og der er stor fridom for både institusjonar og arbeidstakarar til å gjennomføre samfunnsoppdraget vi forvaltar, på vår eigen måte.

Fridommen og mylderet av svært ulike oppgåver kan også vere utfordrande. Nynorsk kultursentrum har eit stort ansvar og tre kontorstader med stor fysisk avstand til kvarandre. Våre tilsette skal forvalte viktig kunnskap og vere vertskap for mange menneske i svært ulike samanhengar.

Kompleksiteten i både samfunnsoppdraget og arbeidskvardagen stiller høge krav til arbeidet med arbeidsmiljø og samarbeidet med kvarandre og eksterne partnarar. Det skal vere trygt og givande å arbeide for og med Nynorsk kultursentrum.

I 2025 har styret vedteke ein revidert hovudstrategi for perioden 2023–2028. Strategien legg større vekt på det særleine utgangspunktet for kvart einskilde museum og på rammer for arbeidsmiljøet. Der står det mellom anna at administrasjonen skal utarbeide ny og målretta personalpolitikk for heile verksemda. Dette handlar både om at tilsette skal trivast, og om å vere ein attraktiv arbeidsgivar i ein stadig meir utfordrande arbeidsmarknad.

I tillegg til dette har alle tilsette bidrege til eit oppdatert organisasjonskart og viktige presiseringar i stillingsomtalen til eit fleirtal av stillingane. Prosessen her har vore nesten like viktig som resultatet – der alle tilsette har fått høve til å gi innspel både til korleis organisasjonen heng saman, og om si eiga stilling.

Det har vore utfordrande å gjennomføre desse prosessane i eit år der vi også har opplevd høg del langtidsfråvære. Men den utfordringa gjer prosessane og endringane endå viktigare. Langtidsfråvære er utfordrande for ein liten og desentralisert organisasjon. Derfor har det vore avgjerande

at tilsette har vore rausa og lojale overfor kvarandre. Dei har synt fleksibilitet og evne til å finne kreative løysingar når det trengst. Mange har gjort ein ekstra innsats for å få alt til å gå i hop, og dei som har hatt utfordringar, har også jobba godt og systematisk med å kome tilbake i arbeid.

Ein konsekvens av fråværet i 2025 er at vi er ekstra godt bemanna ved inngangen til 2026. Det gjer vi ikkje berre for å kompensere for etterslep på nokre saksområde, men også for å sikre gode rammer for alle tilsette.

Helse, miljø og tryggleik

Organisasjonen har vedteke planar og innarbeidde rutinar for helse, miljø og tryggleik i arbeidskvardagen og under arrangement og festivalar. Verksemda har avtale med Avonova om digital bedriftshelseteneste og eige arbeidsmiljøutval.

Leiarane gjennomførte i april eit arbeidsseminar om leiing og leiarrolla i eit arbeidsmiljøperspektiv, saman med rådgivarar frå Avonova Census.

Arbeidsmiljøet er trygt og i tråd med arbeidsmiljølova. Organisasjonen har retningslinjer for å førebyggje trakkassering. Vi arbeider etter lovverket for å unngå forskjellsbehandling og diskriminering.

Sjukefråvær

Sjukefråværet var 13,0 prosent i 2025, mot 10,0 prosent i 2024. Av dette var 2,9 prosentteiningar fråvær under 16 dagar (uendra), medan 10,1 prosentteiningar (+3,1) var fråvær over 16 dagar. Stiftinga arbeider medvite med oppfølging og tilrettelegging for å redusere sjukefråværet.

Likestilling og mangfald

I styret er det fire kvinner og tre menn. Leiargruppa ved utgangen av 2025 var også sett saman av fire kvinner og tre menn. Per 31.12.2025 hadde 10 menn og 29 kvinner arbeidsavtale med Nynorsk kultursentrum.

MANGFALDS- PLAKATEN

Nynorsk er ideen om at eit mangfald i tale kan samle i skrift. Mangfaldet i samfunnet må også vere synleg i arbeidet til kulturinstitusjonar. Nynorsk kultursentrum arbeider med å sikre relevans for og representasjon frå ulike grupper menneske. Omgrepet mangfald rommar dimensjonar som geografisk, sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion og verdisyn, legning og alder.

SKAPARMANGFALD

1. Mangfald skal alltid vere tema når me skal engasjere skaparar og utøvarar
2. Støtt opp om nye røyster som kan utvide mangfaldet innan sitt uttrykk eller sjanger

BRUKARMANGFALD

3. Undersøk om det er noko me kan gjere som senker terskelen for å delta
4. Følg retningslinjer og råd om universell utforming
5. Oppsøk og bli kjend med nye miljø og målgrupper for å få relevante innspel
6. Gjennomfør alltid test av tilbod, program og idear på relevante målgrupper

INNHALDSMANGFALD

7. Språk og bilete skal vise at me inkluderer og er mangfaldige
8. Referansar og døme skal vise at me kjenner mangfaldet som finst, både i no- og fortid
9. Jamfør gjerne med andre delar av verda

ORGANISASJONSMANGFALD

10. Informer aktuelle miljø som kan auke mangfaldet i organisasjonen om ledige stillingar
11. Nytt mangfaldet i organisasjonen til både administrative, kulturelle og akademiske prosjekt

MINDRETALSMEDVIT

12. Hugs at me er med på å definere kva ein nynorskbrukar er og gjer, og at å vere nynorskbrukar også er å vere ulik, ha ulik bakgrunn og ulike preferansar

Organisasjonskart

DIREKTØR

Olav Øyehaug Opsvik



FORMIDLING

Haugesenteret

Jorid Lekve Eide
musumsleiar



Heidi Lund Berg
vertskaps- og
programansvarleg
(til 12.11.25)



Anja Haugland Svingen
formidlar



museumsvertar:
Emilie Bergo
Mikkel Nordtveit

Vinjesenteret

Yngve Knausgård
musumsleiar



Ea Kristine Bakken
vertskaps- og
programansvarleg
(vikariat frå 1.3.25)



Drifa Gudmundsdottir
formidlar



**Ingebjørg
Neststog Edland**
vertskaps- og
programansvarleg
(permisjon frå 9.5.25)



Kristin Person
utstillingsansvarleg



museumsvertar:
Vigdis Kaasa
Nora Nessæther
Åsne Vesaas

Aasentunet

Tone Slenes
museumsleiar



**Ida Karin
Aarflot Kornberg**
konstituert museumsleiar
(til 30.11.25) / formidlar og
programansvarleg



Kim Åge Furuhaug
produsent



Ida Haugland
formidlar
(vikariat frå 1.9.25)



Maren Leikanger Løken
vertskapsansvarleg
(til 2.10.25)



Kjersti Perjord Vartdal
vertskapsansvarleg



**Monika
Haanes Waagan**
marknadsfører/formidlar
(til 31.8.25)



museumsvertar:
Dordi Boksasp Lerum
Sigurd Moen Myrene
Sigurd Eiksund Sjøhelle
Mari Skårland
Anna Sæbø
Guri Lotte Wigg
Aslaug Marit Øyehaug

FORSKING OG SAMLING

Irene Garnes
forsknings- og
samlingsleiar



Stina Aasen Lødemel
konstituert forsknings-
og samlingsleiar
(frå 24.6.25) /
spesialrådgivar



Siri Beate Gjerde
spesialbibliotekar



Stein Arnold Hevrøy
førstekonservator NMF



Fredrik Hope
konservator



**Stine
Stennes Hovdenakk**
konservator



Anne Natvig
førstekonservator NMF



Narve Fulsås
forskar II
(engasjement)



ADMINISTRASJON OG KOMMUNIKASJON

Fellesfunksjonar

Gaute Øvereng
administrasjonssjef



Oddny Nupen Aarflot
rådgivar administrasjon
og personale



Sigbjørn Mork
driftsansvarleg



Janne Driveklepp Semb
rådgivar økonomi



Kommunikasjon og digital formidling

Maria Fet
kommunikasjonsrådgivar



Anders Kalvatn
Rådgivar sal,
marknadsføring og
økonomi



Mari Tveiti
digitalformidlar



**Monika
Haanes Waagan**
marknadsfører/formidlar
(til 31.8.25)



Styret

Styret i Nynorsk kultursentrum består av representantar oppnemnde av Kultur- og likestillingsdepartementet, av rådet og av dei tilsette i organisasjonen.

I løpet av 2025 har styret til saman hatt seks møte og behandla 39 saker.

STYRET 2025

Namn	Rolle	Oppnemd av	Periode
Jan Olav Baarøy	leiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	8.1.2024 – 31.3.2026
Amela Koluder	nestleiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2020 – 31.3.2028
Kristin Bakken	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2022 – 31.3.2026
Stine Stennes Hovdenakk	medlem	dei tilsette	1.4.2024 – 31.3.2026
Janne Nygård	medlem	rådet	27.2.2018 – 31.3.2026
Lars Kvestad	medlem	rådet	3.12.2020 – 31.3.2028
Vidar Lund	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2024 – 31.3.2028

Varamedlemmer for Kultur- og likestillingsdepartementet

1. Monica Bjermeland (1.4.2022–31.3.2026)
2. Geir Sverre Braut (1.4.2022–31.3.2026)

Varamedlem for rådet

Ellen Skodjevåg Bø (1.4.2020–31.3.2028)

Varamedlem for dei tilsette

Siri Beate Gjerde (1.4.2024–31.3.2026)

Rådsordførar

Hege Lothe, Vestland fylkeskommune (2024–2026)

Varaordførar: Ketil Zachariassen, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (2024–2026)

Den Høgvørde Kronprinsesse Mette-Marit er kongeleg beskyttar for stiftinga 2021–2030


Samarbeidspartnarar

Nynorsk kultursentrum har i 2025 styrkt det formelle og praktiske samarbeidet med andre institusjonar og organisasjonar.

VARIGE SAMARBEID

 STORE NORSKE LEKSIKON	 Nasjonalbiblioteket	 Nasjonalarkivet <i>(tidlegare Arkivverket)</i>
 NYNORSKSENTERET NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA	_KulturIT	

PROSJEKTSAMARBEID

 Litteraturhus i Møre & Romsdal	LESEDIGG	 HOUSE OF LANGUAGES
Nynorske pilotbibliotek	Veien til verdenslitteraturen	

FORMELLE NETTVERK

Nynorsk forum	Litteraturnettverket	Poesinettverket
Fagrådet for forskning i Møre og Romsdal	Litteraturfestival- nettverket	Nynorskfylket Vestland
Forum for nynorsk i opplæringa	Det nasjonale privatarkivnettverket	Privatarkivnettverket i Møre og Romsdal
Forskarnettverket for skriftkulturar	Internasjonalt språkmuseumsnettverk	Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland
Museumsnettverk for kvinnehistorie	Network to Promote Linguistic Diversity	

Strategi 2023–2028

Revidert 11.6.2025

SAMFUNNSOPPDRAK

Vi aukar kunnskapen og medvitnet om nynorsk skriftkultur

«Føremålet for Nynorsk kultursentrum er å arbeide for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitenskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitnet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.»

Frå vedtektene til Nynorsk kultursentrum (sist godkjend 24.4.2025)

VERDIAR

Samlande

- Vi er samlande for alle som arbeider for og med nynorsk skriftkultur
- Vi fremmer dialog og diskusjon
- Det skal vere låg terskel for å delta på tilboda våre, både fysisk og på nett

Kreativ

- Vi har fridom til å tenkje nytt og kreativt
- Vi finn nye koplingar og kreative løysingar
- Vi er opne for nye samarbeid

Påliteleg

- Det vi formidlar er forskings- og kunnskapsbasert
- Vi har tydelege og rettvisе rammer som arbeids- og oppdragsgivar
- Vi har berekraftig drift av organisasjonen vår

HOVUDMÅLGRUPPER

Vaksne som går ofte på kulturarrangement, bibliotek og museum



7-åringar med nynorsk som førstespråk



16-åringar med nynorsk som førstespråk



Mål og tiltak

Forskning og samling

Nynorsk kultursentrum har styrkt satsinga på forskning og samlingsforvaltning seinare år, mellom anna med langt fleire konservatorar og ei eiga avdeling for forskning og samling. Vi har brei og variert kompetanse og må jobbe for å utvikle eit godt internt fagmiljø. Samstundes har vi eit stort ansvarsområde, nynorsk skriftkultur, og mellom anna rolla som nasjonal koordinator for nynorskarkiv. Dette betyr at vi må vere ein god samarbeidspartnar og søkje samarbeid i mange retningar.

HOVUDPRIORITERINGAR OG TILTAK

Registrere og publisere alle samlingar og arkiv

- Ferdigstille publisering av Aasen-samlinga, Hauge-samlinga og andre gjenstandar
- Gå gjennom og ordne alle arkiv, med mål om ferdig registrering og publisering av katalogar på Arkivportalen
- Starte arbeidet med utvikling av ny og heilskapleg samlingspolitikk for verksemda

Styrkje og vidareutvikle fagmiljøet for forskning i organisasjonen, i tett samarbeid med eksterne partnarar

- Syte for målretta kompetanseheving og utvikling for kvar einskild forskar innanfor rammene til NMF og utdanningssektoren
- Utvikle samarbeidet med nærskyldte utdanningsinstitusjonar, museum og andre fagmiljø
- Vidareutvikle samarbeidet med Store norske leksikon, og bidra til fleire bidragsytarar for våre fagområde i leksikonet

Gjennomføre minneintervju med viktige aktørar for nynorsk skriftkultur

- Halde fram med å gjennomføre om lag fem minneintervju kvart år
- Prioritere gode system for bevaring og for å gjere minneintervjua tilgjengelege digitalt
- Utforske gode formidlingsmetodar for minneintervjua

Ta nasjonalt ansvar som koordinator for nynorskarkiv

- Følgje opp bevaringsplanen for nynorskarkiv i kontakt med relevante samarbeidspartar
- Styrkje kompetansen kring bevaring og utvikling av arkiv

Mål og tiltak

Formidling

Nynorsk kultursentrum har tre museum med kvart sitt særmerkte oppdrag. Musea våre er beina vi står på, og formidling i alle former på våre egne arenaer vil alltid vere det viktigaste stiftinga gjer. Vi har eit nytt museum i Vinje og behov for fornying ved det eldste museet vårt i Hovdebygda. Ved Haugesenteret blir der gjennomført viktig utviding av utstillingsarealet og formidlingstilbodet knytt til Hauge-boksamlinga. Samstundes har heile stiftinga eit felles, overordna oppdrag definert i føremålsparagrafen. Dette oppdraget gjer at vi må vere synlege i heile landet, fordi nynorsk er eit nasjonalt skriftspråk. I denne strategiperioden har vi eit særleg fokus på randsonene for språket, der nynorsk er truga av særleg språkbyte i skulen.

HOVUDPRIORITERINGAR OG TILTAK

Styrkje og vidareutvikle formidlinga i musea med utgangspunkt i den særmerkte profilen for kvart museum

- Styrkje arbeidet med formidling av journalistikk i Vinje og utvide det regionale og nasjonale nettverket for museet
- Fornye basisutstillinga i Aasentunet med særskild omsyn til museet sin posisjon som det einaste språkmuseet i Noreg
- Vidareutvikle formidlingstilbodet ved Haugesenteret etter utviding av utstillinga og komplett framstilling av boksamlinga i museet

Gjennomføre tilstellingar i alle landsdelar, med utgangspunkt i kjerneområda og med prioritering av randsonene

- Kartleggje kvar vi er synlege over tid og arbeide for at arrangementa våre er spreidde over heile landet, og at det vi formidlar er relevant alle stader
- Prioritere randsonene for nynorsk og vurdere eigne program for desse områda
- Gå gjennom alle eigne DKS-produksjonar og vandreutstillingar med mål om best og mest mogleg føremålstenleg formidling utanfor nærområda våre

Gå gjennom og gjere naudsynte prioriteringar i den digitale formidlinga

- Kartleggje bruken av dei ulike tiltaka som stiftinga har tilgjengelege i dag
- Vurdere vidareutvikling og gjere prioriteringar mellom dei eksisterande tiltaka med utgangspunkt i teknologiutvikling, medielandskapet og den interne kapasiteten

Mål og tiltak

Samarbeid og utvikling

Nynorsk kultursentrum er ein liten organisasjon med eit stort oppdrag. Vi har museum spreidd over heile kjerneområdet for nynorsk språk og har ein brei fagleg profil. Derfor må vi ha gode rammer for samarbeid internt i organisasjonen og prioritere kontakt med eit mangfald av eksterne samarbeidspartnarar og nettverk. I ei tid der demokrati og ytringsfridom er under press, er samfunnsoppdraget vårt og samarbeid på tvers i kunnskap- og kultursektoren særleg viktig. Med ein trongare arbeidsmarknad må vi styrkje oss som ein attraktiv arbeidsgivar.

HOVUDPRIORITERINGAR OG TILTAK

Samarbeide meir og betre internt for eit felles oppdrag, med utgangspunkt i tre særmerkte museum

- Samordne marknadsføringa og reiselivssatsinga for dei tre musea
- Samordne og utvikle rutinar for drift, festivalar og arrangement på tvers av musea
- Fremje og marknadsføre det særmerkte oppdraget for kvart einskild museum, kombinert med det overordna oppdraget for stiftinga

Utvikle ein ny og målretta personalpolitikk for heile verksemda

- Styrkje introduksjonsprogrammet for nytilsette
- Definere klare mål for eit inkluderande arbeidsmiljø
- Prioritere rom for kompetanseutvikling internt innanfor personalstyring og helse, miljø og tryggleik

Arbeide for betre språkpolitikk for utdanning og teknologi i Noreg og internasjonalt

- Revidere og formalisere statuttane for Nynorsk forum
- Synleggjere Nynorsk forum gjennom felles arrangement og tydelege utspel i media, med særleg vekt på sidemålsordninga, språkbyte i skulen og digitalisering
- Styrkje kontakten med europeiske samarbeidspartnarar for betre språkpolitikk i møte med KI og store teknologiselskap

Delstrategiar

- Samarbeids- og utviklingsstrategi
- Formidlingsstrategi
- Forskingsstrategi
- Samlingsstrategi
- Kommunikasjonsstrategi

Langtidsplanar for

- Samarbeid og utvikling
- Formidling
- Forsking
- Samling og arkiv
- Kommunikasjon

Vinjesenteret og Litteraturdagane

Vinjesenteret i Telemark er eit museum for litteratur og journalistikk med utgangspunkt i Vinje-forfattarane Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas, Aslaug Vaa og Aasmund Olavsson Vinje.



Vinjesenteret gjev opplevingar for barn og vaksne.



Vinjesenteret ligg idyllisk til på Vinjeflaten, langs E134.




Journalist og forfattar Aasmund Olavsson Vinje står sentralt under omvisingane på Vinjesenteret. Kunnskapsrike omvisarar sørgjer for engasjerande forteljingar både Aasmund Olavsson Vinje, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas og Aslaug Vaa.



22. juli-terroren er også tematisert i utstillinga på Vinjesenteret.

Gjester ved Vinjesenteret og Midtbø



Gjester på Litteraturdagane

3 117

Gjester under 18 år



Formidling og omvising 2025

Sumarsesongen, frå midt i juni til midt i august, er den viktigaste perioden for formidling på Vinjesenteret. Publikum kan gå i utstillinga, få omvising i Vinjestoga eller vere med å sy på det 12,5 meter lange broderiet Vinjerevla, som er ei framstilling av Aasmund Olavsson Vinje sin diktsyklus *Storegut*.

Sumaren 2025 kunne me også tilby omvising i diktarheimen Midtbø, der forfattarane Halldis Moren Vesaas og Tarjei Vesaas budde frå 1934 til 1970. Våren 2025 signerte Nynorsk kultursentrum ein avtale med familien Vesaas om omvising på Midtbø i ein prøveperiode på to år. Å få vere med på å formidle og forvalte den kulturarven Midtbø representerer, er av stor verdi for Nynorsk kultursentrum.

Tilbod til barn og unge

Vinjesenteret ynskjer å vere ein lokal og regional aktør og ein formidlar av nynorsk språk og kultur til nye generasjonar. Leselyst og kontakt med bøker er ein viktig del av dette.

Over 400 skuleelevar i Tokke, Vinje, Seljord og Kviteseid fekk besøk av Nynorsk kultursentrums DKS-framsyningar *Eg vil ha rytme! Eg vil ha ord!* og *Les for livet*.

Under Litteraturdagane deltok 35 ungdomskuleelevar i Vinje på kurs i «Stryk ut-poesi», med Ruth Lillegraven og Sigrid Vøjen som kursleiarar.

I juni deltok 31 elevar i prosjektet Fantasihagen, der dei etter opplesing av bøker tolka og teikna det dei hadde høyrte. Teikningane vart stilte ut utanfor Vinjesenteret i sumarsesongen.



Olav Vesaas las ei novelle skriven av faren Tarjei Vesaas under opninga av sumarsesongen på Midtbø.



Anna Kleiva og Vilde Tuv var på turné i Vest-Telemark med framsyninga Solplomme.



Biblioteket i Vinjesenteret har vore arena for mange spennande arrangement i 2025.



Familie- og kulturkomitéen vitja Vinjesenteret i juni og sauma entusiastisk på Vinjerevla. Foto: Olav Øyehaug Opsvik

Vår- og haustprogram

Linn Stalsbergs *Krig er forakt for liv – eit foredrag om fred* innleia vårprogrammet i biblioteket på Vinjesenteret.

I april samarbeidde me med Telemark bonde- og småbrukarlag om ein programpost med Maria Lavik og Bjørn Ivar Fyksen på Raulandsakademiet i programserien *Landbruk og litteratur*.

Erlend Kaasa gav ut novellesamlinga 44 våren 2025 og presenterte boka for ein fullsett sal med opplesing og konsert.

8. mars heldt forfattar og bonde Kathrine Kinn foredrag, og publikum fekk sjå eit opptak av ei teaterframsyning frå 2008 om kvinnesakspioneren Gunnbjørg Vinje. Fødedagen til Aasmund Olavsson Vinje vart markert 6. april.

I juni arrangerte me turne med *Solplomme*. Forfattar Anna Kleiva og muskar Vilde Tuv besøkte Lifjell kunstsenter, Smørklepp kunstsenter og Nutheim gjestgiveri. I juni opna me også sumarsesongen på Midtbø med talar, musikk og opplesing.

Forfattar Sveinung Nordstoga lanserte boka Tarjei Vesaas og teateret på Vinjesenteret i september, der han vart intervjuet av Peter Fjågesund.

I samarbeid med Vinje folkeakademi arrangerte me to programpostar hausten 2025. Fredrik Johan Helland heldt foredraget *Det kan skje på di vakt*, og Morten Jentoft fortalte frå boka *Finland – vår utsatte nabo*.

I desember inviterte me til juleverkstad for heile familien, og til framsyninga *Eit hjarte til jul*.



Barne- og ungdomsformidlar Drifa Gudmundsdóttir og museumsvert Signe Nordstoga under Litteraturdagane.



Forfattaren Karl Ove Knausgård heldt Vesaas-føredraget på Litteraturdagane.



Arild Torvund Olsen heldt eit underholdande føredrag om Vinje, Vesaas og vinyl under Litteraturdagane.



Mímir Kristjánsson snakka om boka si Pabbi i samtale med Eirik Bø.

Litteraturdagane 24.–28. september

Tema for Litteraturdagane 2025 var *impulsar*. Festivalen var nær utseld, og tilbakemeldingane frå publikum og deltakarar var gode. Festivalen vart opna av ordførar Jon Rikard Kleven, etterfylgt av samtalar med Mímir Kristjánsson og Gunnar Garfors.

I føredraget *Vink i Vinje* snakka Inga Henriette Undheim om likskapen mellom journalistikken til dei såkalla Vinkjentene i Aftenposten og dei impulsane Aasmund Olavsson Vinje formidla som korrespondent i Kristiania midt på 1800-talet. Føredraget vart trykt i Morgenbladet 25. desember.

Forfattar Leander Djonne snakka med Hilde Vesaas om boka *Alt et*. Hilde Vesaas leia også samtalen med Anna With, som var mottakar av Tarjei Vesaas' debutantpris 2025. Påverknader og impulsar frå og til Halldis Moren Vesaas var tema for ein samtale mellom Sandra Lillebø og Svanhild Amdal Telnes. Carline Tromp heldt føredrag om trugslar frå det ekstreme høgre.

Fredag kveld snakka Ruth Lillegraven med Erlend Kaasa om thriller-trilogien sin. Lillegraven hadde også ein programpost for barnehageborn laurdag morgon. Helge Kaasin møtte Inga Henriette Undheim til ein samtale om naturmystikk og nasjonalromantikk i svartmetall og folke-musikk. Arild Torvund Olsen fortalde om Vinje, Vesaas og vinyl, før artisten Symre avslutta kvelden.

Karl Ove Knausgård heldt det tradisjonsrike Vesaas-føredraget. Dette var trykt i Klassekampen 4. oktober.

For ein fullsett sal på festkveld i Edland skulle Storegut-prisen delast ut, men mottakaren Eldrid Lunden meldte diverre avbod. Kai Eide heldt føredrag om trongen for diplomatisk dialog. Ine Hoem og Andreas Ulvo sin konsert seinare på kvelden var basert på tekstar av Edvard Hoem.

På festivalgudstenesta sundagen vart jubileet for *Nynorsk salmebok* markert, mellom anna med salmesong av Aasmund Nordstoga, i ei gudsteneste som fylgde liturgien frå 1925.

Haugesenteret

Haugesenteret er det einaste reine poesimuseet i landet. Me forskar på og formidlar diktinga til Olav H. Hauge, norsk lyrikk og nynorsk litteratur. Ved museet kan besøkjande bli betre kjende med Olav H. Hauge si livshistorie og dei poetiske verka hans, og oppleva lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser.



Utstillingane opnar for fleire sansar med installasjonar om poesi som du både kan sjå, høyre og ta på.



Haugesenteret i Ulvik ligg med utsyn til både fjord og fjell inst i Hardangerfjorden.




Haugesenteret inviterer kvart år ungdomsskuleelevar frå heile regionen til ein litt annleis skuledag i museet. Her blir dei kjende med dikteren frå Ulvik gjennom formidlingsopplegget Ein tanke slo meg – bli kjend med Olav H. Hauge. I poesiverkstaden får dei finna nye favoritt-dikt og sjølve leika seg med bokstavar og ord.



Formidlar Anja H. Svingen fortel skuleelevar om boksamlaren og lesaren Hauge.

Gjester ved Haugesenteret



Gjester under 18 år



Poesimuseet i Hardanger

Olav H. Hauge er ein av våre fremste lyrikarar og gjen-diktatar, og han har hatt stor innverknad på norsk poesi, litteratur og kulturliv. Dikta hans har nådd langt ut i verda og er i dag omsette til meir enn 25 språk.

I utstillinga ved Haugesenteret kan du sjå boksamlinga til Olav H. Hauge og bli kjend med dei forfattarane som inspirerte han. I Poesiverkstaden kan små og store besøkjande skriva sine eigne dikt, inspirerte av Hauge eller av samtidspoetar frå heile landet. Eit besøk til Ulvik og Haugesenteret kan vera nett den poetiske pustepausen museumsgjestene våre treng.

Ny utstilling om boksamlaren Hauge

Hausten 2024 overtok Haugesenteret den gamle heradsstyresalen, og fekk med dette utvida leigegjerd i museet.

Oppussing av salen starta våren 2025, og i desember i år opna me ei ny utstilling der boksamlinga til Hauge er det skinande midtpunktet. Etter over ti år med tjuefem prosent av samlinga på arkiv er det no ei stor hending å kunne stilla ut den komplette boksamlinga etter Olav H. Hauge.

Boksamlinga til Hauge tel over 4000 titlar, og mange verdshjørne og kulturar er representerte. Den nye utstillinga har freista sjå på samanhengane mellom leselysta, diktinga og bøkene til dikteren frå Ulvik. Kanskje kan utstillinga opna opp for nye blikk på Hauge sin forfatterskap, og på den måten gje både ny og varig verdi for ei unik forfattarboksamling som denne.

Utstillinga har vore mogleg å få til takka vere ei generøs gåve frå Sparebankstiftinga Hardanger.



I desember i år opna ei ny utstilling ved Haugesenteret. Utstillinga formidlar historia om boksamlaren, lesaren og dikteren Hauge.



Formidlar Anja Haugland Svingen les frå boka *Bø og Bæ* får besøk, akkompagnert av to små gjester, for borna i Ulvik barnehage



Poetane Per Olav Kaldestad og Mona Høvring vart tildelt Diktartavla for 2024 og 2025.



Det tradisjonsrike lyrikkseminaret handla om sonetten. Elin Stengrundet var ein av innleiarane.



Elevar ved Voss gymnas har skriveverkstad ein heil skuledag. Det vart mange gode dikt med svært ulike tematikkar.



Tilbod til born og unge

Haugesenteret har i 2025 vore ein aktiv formidlar av lese- og skrivelyst, skaparkraft og språkmangfald, særleg overfor born og unge. Formidlar Anja Haugland Svingen har etablert faste lesestunder for alle fire avdelingane i Ulvik barnehage. Her har ho lese høgt frå nynorske barnebøker og hatt gode samtalar med borna om tema som personleg meistring, venskap, vår, tradisjonar og familie.

Tradisjonen tru har elevar frå Hardanger besøkt museet gjennom undervisningsopplegget *Tenk om eg var ein tanke – bli kjent med Olav H. Hauge*. Hausten vart runda av med skriveverkstad for 90 elevar frå Voss vidaregåande skule, før Line Dybedal skapte jolestemning med *Eit hjarte til jul* og joleverkstad i Poesiverkstaden. Her bidrog dei eldste borna i Ulvik barnehage med egne kunstverk inspirerte av joleboka hennar, og arrangementet vart avslutta med joleverkstad i Poesiverkstaden.

Lyrikkseminar, boklansering og Brageprisvinnar frå Hardanger

Eit variert kulturprogram er ei viktig brikke i arbeidet som spring ut av Haugesenteret. Året 2025 baud på gode opplevingar i ulike sjangrar.

For Olav H. Hauge var inga diktform gjævare enn sonetten: «Dei beste dikti i verdi, er sonettar, veit du!» Underforstått: i sonett-tradisjonen ligg det ein målestokk for litterær kvalitet, og Hauge ville nok, smålåten som han elles var, måla seg med dei aller beste lyrikarane. Det var ikkje lenger tvil om at det tradisjonsrike lyrikkseminaret i Ulvik måtte handla om nettopp sonetten. Blant innleiarane var Elin Stengrundet, Fredrik Parelius, Kristian S. Lødemel, Ingrid Nielsen, Eirik Vassenden og Ingrid Skjerdal. Seminaret vart arrangert av Forskingsnettverket for poetisk tenking.



Frå arrangementet «Kvifor snakke med katten?» med førstekonservator Stein Arnold Hevrøy.



Omsetjar Jordan Barger seier at det er inspirerende å arbeida med omsetjing av Hauge i Ulvik. Når ein tolkar tekstane til ein poet, må ein få fram eit bilete som tilsvarar poeten sin intensjon. Dette er ganske enkelt i Ulvik.



Forfattar Finn Måge og illustratør Hege Gjerde Sviggum i samtale med museumsleiar Jorid Lekve Eide under boklanseringa.



På sjølvaste morsdagen besøkte forfattar og filmskapar Margreth Olin Ulvik for å snakka om boka ho sjølv kallar «ein kjærleikssong til mamma». Mødrer, døtrer, fedrar og besteforeldre fekk alle oppleve ein kveld i orda og kjærleiken si kraft.

Denne hausten gav Skald forlag ut boka *Eple, pære, plomme – Ein ny norsk pomologi over historiske og levande fruktsortar med røter i vår felles kulturarv*. Boka er eit praktverk og ei kjærleikserklæring til norsk fruktdyrking. Og kva var vel meir naturleg enn å lansera denne boka i fruktbygda Ulvik? Boka har også med to dikt av Olav H. Hauge.

Hardangerforfattaren Leander Djønne fekk Brageprisen for romanen *Alt et dette året*. Dagen etter prisutdelinga i Oslo kom Djønne til Ulvik for å samtala med tidlegare Brageprisvinnar Ruth Lillegraven. Dei to snakka om diktskriving, forfattarlivet i ein fjordarm, oppvekst, Hauge og Fosse. Arrangementet var del av ein programserie i samarbeid med Sentralbadet Litteraturhus i Odda.

Hauge i verda og verda til Ulvik

Den amerikanske omsetjaren Jordan Barger har hausten

2025 hatt skriveresidens ved Haugesenteret og held på med å omsetja delar av dagboka til Olav H. Hauge. Barger spesialiserer seg på norsk og dansk litteratur og lyrikk og er knytt til masterprogrammet i litterær omsetjing ved University of Iowa.

Forskningsbasert formidling – snakk litt med katten!

«Katten» er mellom dei mest folkekjære dikta av Olav H. Hauge. Den prislønte poeten Kjartan Hatløy har teke opp tråden og har skriva ei rekkje kattedikt som refererer til Hauge sitt. Stein Arnold Hevrøy har halde føredraget *Kvifor snakke med katten?* i Aasentunet, i Ulvik og på Vinjesenteret.

Hevrøy har også hatt ein turne for å formidla boka *Her må då ordi koma. Nye lesingar i Olav H. Hauges diktning* (2024) med stoppestadane Austevoll, Stavanger, Bergen og Ørsta.

Aasentunet og Festspela

Aasentunet er eit av få språkmuseum i Norden og opna for publikum for første gong i 1898. Museet ligg på staden der Ivar Aasen vart fødd og vaks opp, omringa av historiske bygningar og storslått natur. Aasentunet byr på mykje, og gjestene våre får oppleve museet gjennom besøk i utstillinga, omvisingar, seminar, kulturarrangement og festivalen Festspela



Utstillinga viser Ivar Aasen sine personlege eigendelar. Desse fortel oss ikkje berre om mannen sjølv, men også tida han levde i.



I 2025 markerte vi at det var 25 år sidan Aasentunet opna. I museet formidlar vi kunnskap om Ivar Aasen, språk, litteratur og arkitektur. Vi leier også eit internasjonalt nettverk for språkmuseum.




Kunnskapsrike omvisarar sørgjer for engasjerande forteljingar om Ivar Aasen, språkhistorie og språket i samfunnet rundt oss. Her er det konstituert arenaleiar, Ida Karin Aarflot Kornberg, som viser ei skuleklasse rundt i utstillinga.



I museumsbutikken i Aasentunet finn du gåver til både store og små høve


Gjester i Aasentunet



Gjester på Festspele

3 837

Gjester under 18 år



Aasentunet

Hjå oss i Aasentunet får du den personlege forteljinga om Ivar Aasen og kunnskap om vegen til eit nytt norsk skriftspråk. Du kan lære om kampen for retten til eige språk, lese om utbreiinga av skriftsystem i verda og gjere deg kjend med nyare nynorsk litteratur.

Hovudbygget, teikna av Sverre Fehn, skil seg ut i landskapet og er med å formidle forteljinga om korleis språk pregar historia, verda, samfunnet og enkelmenneske.

I 2025 var det 25 år sidan dei nye dørene til museet opna for publikum. I løpet av desse åra har over 350 000 små og store gjester besøkt oss, og nye og gamle historier har blitt formidla i ulike høgder, former og fasongar. Museet viser fram boksamlinga til Ivar Aasen med bøker på fleire språk, møblane og gjenstandane frå der han budde i Oslo,

og gjenstandane han hadde med seg på reise frå Lindesnes i sør til Tromsø i nord.

Du kan reise tilbake i tid og oppleve tunet der Ivar Aasen vaks opp, besøke det første museumsbygget og vandre på stiane i skogen bak museet, der Ivar sjølv sprang som liten gut.

Aasentunet har eigen resepsjon, butikk og kafé i hovudbygget. Her finn du eit breitt og eit utval av varer ingen andre har, i tillegg til eit stort utval nynorsk litteratur for både barn og vaksne.

Forprosjekt basisutstilling

Prosjektgruppa for ny basisutstilling i Aasentunet leverte i november eit ferdig forprosjekt for utstillinga til styret.



Kvart år har vi barnekunstutstilling i Aasentunet i samarbeid med barnehagane i området. Det er stor skaparglede blant dei små deltakarane og utstillarane!



På seminaret Lesing for dei minste fekk del-takarane presentert forskning, ressursar og tips om lesing i barnehagen.



Barnehagane i Ørsta var på besøk i Aasentunet for å bli betre kjende med forteljinga om Ivar Aasen.



Maria Parr las frå den siste boka si Oskar og eg. Alle tinga vi har for ein fullsett sal i Aasentunet like før jul.



Elevane på 10. trinn i Ørsta og Volda fekk ei underhaldande og lærerik oppleving med framsyninga Snakk om språk.

På vegen til dette viktige delmålet har prosjektgruppa samarbeidd med mange. I 2025 vart det oppretta referansegrupper for målgruppene «kulturinteresserte vaksne» og «16-åringen». Vi gjennomførte til saman tre møte med desse referansegruppene og fekk mange gode innspel og retningsgivande tilbakemeldingar til arbeidet vidare. Vi henta inspirasjon frå fire språkmuseum i Tyskland og hadde fleire ein-til-ein-samtalar med forskarar om innhaldet og temautvalet i utstillinga.

Den nye basisutstillinga skal etter planen vere ferdig i 2028.

Tilbod til barn og unge

Aasentunet tilbyr mange ulike formidlingsopplegg for barn og unge gjennom heile året. Vi formidlar nynorsk språk, litteratur og kulturhistorie til barnehagebarn og skuleelevar på alle årssteg gjennom skreddarsydde museumsomvisingar og har faste tilbod gjennom Den

kulturelle skulesekken lokalt i Ørsta og Volda kommune. Vi samarbeider med Ørsta mållag om eit fast formidlings-tilbod til barnehagane i Ørsta og inviterer kvar haust barnehagar i regionen til å delta i den årlege barne-kunstutstillinga.

Vi markerte at det var 150 år sidan Ivar Aasen såg seg ferdig med *Symra*. I november var det fullt hus med *Symra*-konsert med folkesongarar og barnekor i Aasentunet. Folketonane til Ivar Aasen sine viser vart sungne nytt liv i på konsertar og folkesongkurs i Ørsta, i Molde og på Tingvoll.

Kvar haust inviterer Aasentunet elevane på 10. trinn i Ørsta og Volda til ei underhaldande og lærerik oppleving med språk som tema. I år møtte dei framsyninga *Snakk om språk*. Her tok to profesjonelle skodespelarar dei med på ei underhaldande reise i korleis språk blir til,



I 2025 var det styreleiar i Nynorsk kultursentrum, Jan Olav Baarøy, som heldt talen ved statuen på opningsdagen av Festspela.



Festspelkunstnar Gunilla Holm Platou stilte ut fargerike måleri og trykk på festspelutstillinga på Kunsthuset.



Lurivar var ein populær gjest blant dei yngste under Festspela. Han tok dei med på ei leseøkt litt utanom det vanlege.



Runar Gudnason overraska alle då han dukka opp til eit fellesnummer med Stein Torleif Bjella under den store gratiskonserten i høve 25-årsjubileet i Aasentunet

korleis det heile tida endrar seg, og kva språk og dialekt har å seie for identiteten vår. Elevane vart inviterte inn i samtale med skodespelarane for å reflektere over eigne haldningar til språk og dialektbruk, og var slik med på å forme framsyninga. Fordelt på fem unike økter deltok rundt 250 elevar. For dei vart det både ei bevisstgjerung rundt eiga rolle i det store biletet om språk og dialekt og eit møte med fagrelevant innhald på ein leiken måte.

Kvart år inviterer Aasentunet 3. trinn i Ørsta og Volda til prosjektet *Bli kjend med Ivar Aasen*. I 2025 deltok over 200 elevar. Gjennom eit stasjonsbasert opplegg får dei høyre forteljingar om Ivar Aasen som barn, kva han var oppteken av som vaksen, og korleis han jobba med språket vårt. Dei får oppleve utemiljøet rundt Aasen sin heim, sjå eigedelane hans i utstillinga og lære om reisene han gjorde. Til kvar stasjon får dei ulike oppgåver å løyse. Både historiene og oppgåvene skapte stort engasjement

og vekte undring hjå dei små, og det vaks fram mange gode og morosame samtalar om ord og språk i gruppene. *Bli kjend med Ivar Aasen* er eit samarbeid mellom Ørsta kommune, Volda kommune og Nynorsk kultursentrum.

Aasentunet har også eit rikt kulturprogram for barn og vaksne med billetterte og opne arrangement, og vi tilbyr både forfattarbesøk, føredrag, teater og konsertar haust og vår. Særleg under Festspela har vi eit breitt tilbod med skuleframsyningar, biblioteksamarbeid og arrangement i Aasentunet, Volda og Ørsta.

Festspela

I juni kvart år arrangerer Aasentunet festivalen Festspela. Då samlast gjester, forfattarar, artistar og fagfolk til felles opplevingar som løftar fram nynorsk kultur, språk og litteratur. Under festivalen har vi arrangement i Aasentunet, i vertskommunane og elles i regionen.

Festspeldiktar i 2025 var Marit O Kaldhol. Temaet for festivalen var samspel, og det danna utgangspunkt for spennande faglege og kulturelle programpostar med gripande talar, gode innlegg og forfattarsamtalar, engasjerande høgtlesingar og stemningsfulle konsertar for over 3800 gjester. I 2025 markerte vi 25-årsjubileet for Aasentunet med ein stor gratiskonsert under Festspela.

I tillegg til opplesingar og samtalearrangement fekk publikum moglegheit til å vere med på omvising i Aasentunet og Sivert Aarflot-museet, høyre føredrag av Gunnhild Øyehaug og late seg underhalde av eit humørfyllt skråblikk på lokalnyhende under *Målbar: Møre-Nytt på nytt*. Festspela markerte også Symra-jubileet og 100 år med *Nynorsk salmebok* med temautstilling og samtalar.

Forsking og samling

Gjennom forsking og samlingsforvaltning bidreg Nynorsk kultursentrum til å styrkje forvaltninga, dokumentasjonen og formidlinga av nynorsk skriftkultur, og til å utvikle meir kunnskap på området.



Bevaringsplanen for nynorskarkiv



Illustrasjonsfoto arkiv og samlingar



Bok frå Hauge-boksamlinga. Vi finn marginalia i mange av bøkene som Olav H. Hauge eigde. Frå boka *Leiden und Größe der Meister* av Thomas Mann, gjenstand nr. OHHS-0107. Foto: Ådne Dyrnesli / Nynorsk kultursentrum. Lisens: CC BY-SA.




Frå arrangementet Folketonar til Aasenviser frå Ørsta og Volda med konservator Fredrik Hope i Aasantunet.

Autoriserte konservatorar



+ 2 frå 2024

Tilsette med ph.d.



- 1 frå 2024

Vitskaplege publikasjonar



+ 0 frå 2024

Tilsette med forskingstid



+ 0 frå 2024

Forskning og utvikling

Forskarkompetanse

Nynorsk kultursentrum søkjer å byggje opp ein samla forskingskompetanse i organisasjonen. Derfor har vi sett i gang viktige tiltak dei siste åra. Det å få inn ein forskar II på avdelinga har styrkt forskingsmiljøet. I tillegg har fleire tilsette jobba målretta med eigne forskingsarbeid og bidrege i ulike bokprosjekt, noko som har vore med på å auke både kompetansen og kunnskapen på ulike felt. I 2025 vart to av forskarane våre autoriserte som førstekonservatorar NMF.

Prosjekt og nettverk

Nynorsk kultursentrum tek del i både prosjektbaserte og meir varige forskingsprosjekt og faglege nettverk. Av prosjektbaserte forskingsprosjekt deltok vi i 2025 i forskingsprosjektet *Made abroad: Producing Norwegian World Literature in a Time of Rupture 1900–1950*, og i prosjektet *Lokalavisene – mangfoldig fortid, usikker framtid*.

Nynorsk kultursentrum driftar også Forskingsnettverk for poetisk tenking, som er eit samarbeid mellom organisasjonen vår og litteraturforskarar frå ei rekkje universitet og høgskular. I tillegg er Nynorsk kultursentrum med i prosjektet *Forskingsinfrastruktur for musea i Vestland*, som er administrert av Musea i Sogn og Fjordane, og Forskarnettverket for skriftkulturar, som er administrert av Høgskulen i Volda. Vi delte også i fagrådet for forskning i Møre og Romsdal, i Litteraturnettverket, som blir administrert av Jærmuseet ved Garborgsenteret, og Museumsnettverk for kvinnehistorie, administrert av Kvinnemuseet.

Forskningsformidling

Å formidle forskingsbasert kunnskap er ei viktig oppgåve for Nynorsk kultursentrum. Dette skjer i ulike former og på ulike arenaer. Målet er at kunnskapen vi formidlar, skal vere forskingsbasert, og med det meiner vi at han skal byggje

på oppdatert forskning og solide faglege kjelder. Det er også viktig for oss å bidra med eiga forskning til relevante fagfelt og med populærvitskaplege bidrag både lokalt og nasjonalt.

Eit godt døme er det årvisse lyrikkseminaret på Hauge-senteret, arrangert av Forskingsnettverk for poetisk tenking, der temaet i år var sonettar. Vi har også delteke med innlegg på konferansen *Språk i livsløpet* arrangert av Sosiolingvistisk nettverk (SONE), skrive ein populærvitskapleg artikkel til årboka til Hovdebygda søge- og velferdslag og hatt arrangement og halde føredrag om bøkene *Her må då ordi koma. Nye lesingar i Olav H. Hauges diktning* og *Protestantisk etikk og kapitalistisk ånd? Næringslivshistorie frå Møre og Romsdal*, begge forskingsantologiar som kom ut året før, og som tilsette skreiv artiklar til. På hausten gav professor II ved Nynorsk kultursentrum Narve Fulsås ut den vitskaplege monografi- en *Norsk litteratur i Nazi-Tyskland. Forfattarar, forleggjarar og agentar under det nasjonalsosialistiske kulturegimet*, med lanseringsarrangement i Oslo og prosalong i Tromsø.

Vi har siste åra hatt felles fagseminar saman med Høgskulen i Volda og Nynorsksenteret under Festspela. I 2025 arrangerte vi fagdagen *Litteratur som oppleving* på Høgskulen i Volda. Gjennom føredrag, opplevingar og samtalar baud fagdagen på samspel i og om litteratur.


Vitskaplege publikasjonar i 2025

Irene Garnes Hareide og Aleksander Krogevoll: «Ak! Aleine sit ho, den folkerike byen»: Akrostikon og traumeliterært språk i klagesongane. I *Bruk av Bibelen i fellesskap*.


Narve Fulsås: *Norsk litteratur i Nazi-Tyskland. Forfattarar, forleggjarar og agentar under det nasjonalsosialistiske kulturegimet*. Scandinavian University Press.

Fredrik Hope og Jorunn S. Thingnes: *Fremje nynorsk? Språkpolitikk i kommunar med nynorskskular*. I *Maal og Minne*.

Sidevisingar av nynorskartiklar i Store norske leksikon (snl.no)



Publiserte objekt på DigitaltMuseum



Dokumentasjon og innsamling

Nynorsk kultursentrum dokumenterer og tek vare på historia om nynorsk skriftkultur og dei uttrykka han har hatt i fortid. Dette gjer vi mellom anna gjennom samlingsforvaltning, forskning og anna dokumentasjonsarbeid.

Bevaringsplan og nasjonal koordinator for nynorske privatarkiv

I 2025 gjorde vi ferdig planen *Nasjonal bevaringsplan for privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur 2025–2029*. Bevaringsplanen for nynorskarkiv har vi utarbeidd som del av ansvaret og oppgåvene vi har som nasjonal koordinator for nynorske privatarkiv, etter avtale med Nasjonalarkivet.

Planen er den første i sitt slag for nynorskarkiv. Føremålet med bevaringsplanen for nynorskarkiv er å leggje grunnlaget for ei systematisk bevaring av slike arkiv og bidra til at vi i framtida sikrar at eit representativt og mangfaldig utval av regional og nasjonal nynorsk skriftkultur blir dokumentert og teke vare på i arkiva. I planen har vi definert konkrete tiltak vi skal jobbe med i planperioden. Eitt av desse er å jobbe for meir systematisk innsamling og bevaring av arkiv etter mållag og ungdomslag, med Møre og Romsdal som pilotfylke. Etter søknad til Nasjonalarkivet om arkivutviklingsmidlar til prosjektet fekk vi like før årsslutt tilsegn om midlar, og prosjektet *Bevaring av arkiv etter ungdomslag og mållag* startar opp i 2026. Prosjektet er i samarbeid med Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKAMR).

Nynorsk kultursentrum deltek i det nasjonale nettverket for privatarkiv og i privatarkivnettverket for Møre og Romsdal.

Samtidsdokumentasjon

Dei siste åra har Nynorsk kultursentrum gjennomført ei

rekke minneintervju med personar som på ulike vis har gjort ein viktig innsats for nynorsk skriftkultur. Hittil er 31 personar blitt intervjuet. I 2025 oppretta vi samarbeid med Memoar, som er ein frivillig organisasjon for munnleg historie. Saman arbeider vi med eit pilotprosjekt om innsamling av munnlege minne frå personar frå Valdres. Intervjuet blir gjennomførte på nyåret 2026.


Gjennomgang av samlingar på Solnør

Ivar Aasen budde på Solnør gard i Skodje frå 1835 til 1842. Han gjekk i lære hjå kaptein Ludvig Daae, underviste barna hans og hadde tilgang til det innholdsrike biblioteket. Solnør gard har vore i privat eige sidan 1820, og få utanfrå har fått tilgang til det som har vore samla der. I 2025 fekk Solnør gard nye eigarar, som vi har hatt god kontakt med. Det har vore viktig for oss at eventuell dokumentasjon etter Aasen blir sikra.. Spesialbibliotekar Siri Beate Gjerde har vore der ved fleire høve gjennom året og sett gjennom boksamlinga og brev og papir. Til no har det dukka opp to objekt som inneheld spor av Aasen.


Store norske leksikon

Nynorsk kultursentrum held fram det gode samarbeidet med Store norske leksikon, med eit felles mål om å styrkje nynorskdelen i oppslagsverket både kvalitativt og kvantitativt. Som ein del av samarbeidsavtalen med Store norske leksikon bidreg Nynorsk kultursentrum med nyskrivne artiklar og med språkhjelp og redigering av eksisterande artiklar.

Oppdaterte postar på DigitaltMuseum i 2025



Sidevisingar på samlingane våre på DigitaltMuseum



Formidling og ivaretaking av samlingane

Nynorsk kultursentrum nyttar forskning og kunnskapsutvikling frå eigne tilsette og andre til å styrkje formidlinga og forvaltninga av nynorsk skriftkultur.

Publisering på DigitaltMuseum

Nynorsk kultursentrum jobbar med å publisere fortløpande fleire objekt på DigitaltMuseum. I 2023 var vi ferdige med å registrere boksamlinga etter Ivar Aasen, og i 2025 har vi jobba vidare med å registrere, fotografere og publisere bøkene i Olav H. Hauge si boksamling og med å oppdatere og kvalitetssikre eksisterande postar.

Samlingsforum

I 2025 har vi hatt jamlege møte i samlingsforumet vårt. Samlingsforumet skal bidra til ei meir heilskapleg samlingsforvaltning og til gode rutinar for inntak, avklaringar og avtalar knytte til samlingane.

Oppbevaringstilhøve

Nynorsk kultursentrum har jamt over gode oppbevaringstilhøve for samlingane. I 2025 fekk Hauge-boksamlinga ved Haugesenteret oppgraderte oppbevaringstilhøve. Alle bøkene i samlinga vart flytta til den gamle heradsstyresalen ved senteret, der det no er laga til med ny

utstilling som formidlar historia om boksamlaren Olav H. Hauge. Med dette fekk også bøkene betre oppbevaringstilhøve enn slik dei tidlegare var oppbevarte og utstilte.

Kulturhistoriske bygningar

Nynorsk kultursentrum forvaltar fem kulturhistoriske bygningar. Alle desse vart vurderte til tilstandsgrad 1 i 2022. Det blir halde jamleg tilsyn med trea på uteområda for å unngå skadar dersom tre skulle velte eller greiner skulle knekke i sterk vind. Ved slutten av året felte vi ei stor gran som stod i gamletunet i Aasentunet, sidan denne utgjorde ein fare for bygningane attmed.



Konstituert forskings- og samlingsleiar Stina Aasen Lødemel presenterer bevaringsplanen for nynorskarkiv under Privatarkivkonferansen 2025 i Stavanger.



Temautstillinga Nynorsk salmebok 100 år synte fram bøker frå Aasen-boksamlinga og historia om salmeboka frå dei første salmane på nynorsk og fram til salmeboka i bruk i dag.



Ivar Aasen budde på Solnør gard i sju år. Då garden fekk nye eigarar i 2025, fekk spesialbibliotekar Siri Beate Gjerde høve til å gå gjennom den store bok- og dokumentsamlinga for å leite etter spor av Ivar Aasen. Det vart funne delar av ei bok med grammatiske kladdar og ei gravferdspreike. Preika er mest truleg blitt diktert til Aasen.



Tilsette i Nynorsk kultursentrum presenterte tre ulike inngangar til temaet språk og næringsliv på arrangementet Maten er halve føda. Frå venstre Monika Haanes Waagan, Stine Stennes Hovdenakk og Stina Aasen Lødemel.



Maten er halve føda handla om næringsliv og språk i Møre og Romsdal. Her med formidlar og marknadsførar Monika Haanes Waagan, som fortel om næringslivsspråket i nynorskland.



Bok frå boksamlinga etter Ivar Aasen. Her ser vi Den Norske Dictionarium Eller Glosebog, gjenstand nr. IAAM-0632.




Narve Fulsås, professor II ved Nynorsk kultursentrum, gav i 2025 ut boka Norsk litteratur i Nazi-Tyskland. Forfattarar, forleggjarar og agentar under det nasjonalsosialistiske kulturregimet.



Førstekonservator Stein Arnold Hevrøy på besøk til Austevoll bibliotek under føredragsturteen med formidling av boka Her må då ordi koma. Nye lesingar i Olav H. Huges diktning.



Samling i Privatarkivnettverket i Møre og Romsdal på Bud kystmuseum.



Symra. Framsideillustrasjon laga av Laila Mjøs. Samlaget



Frå Symra-songkurset i høve jubileet for den nye utgåva av Symra av Ivar Aasen.

Formidling

Nynorsk kultursentrum formidlar nynorsk språk og kultur i heile landet. Dei fleste arrangementa er med forfattarar, skodespelarar, musikarar eller andre kulturarbeidarar. Nynorsk kultursentrum sysselset mange utøvarar gjennom året. I 2025 hadde vi til saman 839 oppdrag til utøvarar, fordelt på 392 arrangement.



Det vart produsert åtte episodar av barnepodkasten Avdeling T i 2025.



Forteljar Charlotte Øster og framsyninga Hjarte i alle fargar blei godt teke imot på Mork skule i Volda.




I poesiverkstaden på Haugesenteret får elevar finne nye favorittdikt og sjølve leike seg med bokstavar og ord.



78 var frivillige i Ulvik, Vinje og Ørsta/Volda i 2025. Dei bidrog med til saman 409 timar frivillig arbeid.

Oppdrag til utøvarar i 2025



Tal arrangement



Hovudmålgruppene våre

Vi har tre hovudmålgrupper: 7-åringar med nynorsk som førstespråk, 16-åringar med nynorsk som førstespråk og vaksne som går ofte på kulturarrangement, bibliotek og museum.

Faste tilbod til publikum

Nynorsk kultursentrum produserer eigne framsyningar og har tilbod til alle aldersgrupper gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). Produksjonane kan også tingast til lokale DKS eller andre arrangement i samarbeid med oss. Vi har mange vandreutstillingar som passar til bibliotek, kantiner og andre utstillingsrom. Vi har også arrangement for ulike aldersgrupper på eigne arenaer, på eigne festivalar og i samarbeid med biblioteka i vertsfylka våre og i område der nynorsk er spesielt viktig eller spesielt under press.

Kunnskap om publikum og målgrupper

Heilt sidan år 2000 har vi gjennomført publikumsundersøkingar på arenaene, og seinare på nettstadene våre. I 2025 har vi styrkt kunnskapen om gjestene på dei tre musea våre, som vi skal nytte til å utvikle tilboda våre endå betre. Haugesenteret har gjennomført den nasjonale brukar- og bruksundersøkinga i musea frå Kulturdirektoratet. Data frå denne undersøkinga vil danne grunnlaget for ein rapport som skal vere klar i februar 2026. Den overordna tilnærminga i rapporten vil vere å forstå besøkjande i norske museum, og vil gjelde publikum ved musea i Noreg generelt, ikkje einskilde museum eller arenaer.

Språkleg mangfald

Språk kan skape fellesskap på tvers av geografisk avstand og sosiale skiljelinjer. Nynorsk kultursentrum synleggjer det språklege mangfaldet i Noreg i formidlingsaktiviteten vår. Vi arbeider også med globalt språkleg mangfald gjennom internasjonale nettverk og prosjekt som dreier seg om mindretalsspråk.

Tilgjengelegheit

Nettstadene våre følgjer retningslinjene for universell utforming. Publikumsområda på arenaene er tilrettelagde etter gjeldande forskrifter. Det er gratis inngang med følgjekort til alle arenaene.


Forskingsbasert formidling

Våre tilsette hentar inn oppdatert kunnskap om faginnhald og formidling gjennom å følgje med i relevante vitenskaplege og kulturfaglege fagmiljø. Ved større formidlingsprosjekt har vi som prinsipp at minst éin med førstekompetanse deltek.


Frivillige

Frivillige krefter i lokalmiljøa rundt dei tre musea våre, Aasentunet, Haugesenteret og Vinjesenteret, gjer ein stor innsats. Spesielt medverkar dei til at festivalane våre blir så gode opplevingar som råd. I 2025 samarbeidde vi med 78 frivillige i Vinje og i Ørsta og Volda, der dei frivillige til saman bidrog med 409 timar frivillig arbeid.

Publikum i Den kulturelle skulesekken



Kommunar med aktivitet



63

- 25 frå 2024

Kulturformidling på turné

Nynorsk kultursentrum besøkjer folkebibliotek, skular, barnehagar og andre forsamlingslokale i heile landet med ulike formidlingskonsept. 25 189 personar var publikum på arrangement og turnear organiserte av Nynorsk kultursentrum utanfor musea våre i 2025. I 2025 var vi i 63 kommunar, mot 77 året før.

Litteraturhus i Møre og Romsdal

Nynorsk kultursentrum og Bjørnsonfestivalen organiserer litteraturturnear saman med Møre og Romsdal fylkeskommune og alle biblioteka i fylket. I 2025 nådde vi endå ein ny publikumsrekord med 6851 gjester fordelte på 125 arrangement. Folk i alle kommunane i Møre og Romsdal fekk dermed tilbod om unike litteraturopplevingar der dei bur. I 2024 nådde vi 6768 gjester fordelte på 118 arrangement.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

148 barn og 14 lærarar i fire kommunar fekk oppleve ein produksjon med til saman seks framsyningar på turné gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) i 2025. Vi fekk ein markant auke i bestillingar frå fylkeskommunane frå 2023 til 2024, men i 2025 var det ein markant nedgang. Vi fekk ingen bestillingar for skuleåret 2025/2026, anna enn ei bestilling frå Vestland då dei fekk ekstra midlar knytte til leselyststrategien. Produksjonen *Les for livet* skal på turné fire veker våren 2026. Tingingsverket *Solplomme*, som hadde premiere i Romedalen under Festspela 2023, er no meldt inn i DKS-portalen som tilbod til vidaregåande skular komande skuleår, og for- og etterarbeid blir klart våren 2026. Vi har nytta DKS-produksjonane *Eg vil ha rytme!* *Eg vil ha ord!* og *Les for livet* i turnear rundt Vinjesenteret og *Snakk om språk* i lokal DKS i Aasentunet. *Hjarte i alle fargar* vart vist før Bygdepride i Ørsta og Volda våren 2025.

Randsoner

Randsoneprojektet *Nynorsk som nasjonalt skriftspråk* er

eit prosjekt for å auke statusen til nynorsk i område der språket er under press. Gjennom samarbeid med Garborgsenteret og Noregs Mållag under Nynorsk-stafetten 2025 nådde randsoneprojektet 846 barn og vaksne. Totalt omfatta prosjektet 24 arrangement fordelte på 5 kommunar.

Vandreutstillingar

I 2025 gjekk vi gjennom dei 42 vandreutstillingane våre. Elleve av dei eldste vart tekne ut av lånelista, anten fordi dei var utslitne, eller fordi innhaldet trong ei grundig oppdatering. 31 utstillingar er framleis klare for utlån. Ti av desse var på farten i 2025, på 15 ulike stader, og til saman stod dei ute i heile 947 utstillingsdagar. Den nye utstillinga om den nynorske biletboka i Noreg blir ferdig i slutten av januar 2026 og kjem då i vandring. For å løfte tilbodet ytterlegare sende vi i november ut ei påminning til biblioteka i alle fylka om kva utstillingar som er tilgjengelege. Responsen var god, og vi ser allereie at dette har gitt fin effekt på utlånet i 2026.

Nynorske pilotbibliotek

Nynorsk kultursentrum har fast samarbeid med folkebiblioteka i kommunane Sandnes, Lom, Hemsedal og Hægebostad, og med skulebiblioteket ved Skeisvang vidaregåande skole. Desse biblioteka blir nytta som arenaer for å prøve ut ulike formidlingsopplegg og opplegg for medverknad. Biblioteka blir derfor kalla nynorske pilotbibliotek. Saman med biblioteka har vi hatt utstillingar, foredrag og samtalar.

Sidevisingar på nettstadane



236 649

-36 386 frå 2024


Avspelingar video, songar og podkastar



46 939

-5 378 frå 2024

Følgjarar i sosiale medium



2023 2024 2025

Digital formidling

Nynorsk kultursentrum når flest brukarar digitalt. Vi gjer dette gjennom innhald i podkast- og YouTube-kanalane våre, publiseringar i sosiale medium, på nettstadene og i samarbeid med større digitale aktørar som Store norske leksikon og DigitaltMuseum.

Ivar Aasen sine reiser

Ivar Aasen sine reiser er ei digital nettutstilling om Ivar Aasen og reisene han gjorde for å samle inn norske dialektar. Prosjektet skal gi publikum ein opplevingsbasert inngang til Aasen sitt arbeid, der ein kan følgje reisene hans geografisk, møte menneske han kunne ha møtt i dag, og høyre dialektar frå ulike delar av landet. Arbeidet med prosjektet i 2025 har i hovudsak vore retta mot teknisk vidareutvikling og feilretting. Utfordringar med stabilitet og mobiltilpassing har gjort at utstillinga enno ikkje er offisielt lansert.

Linguapolis

Linguapolis er ei digital utstilling om mindretalsspråk, med særleg vekt på latgalisk i Latvia og nynorsk i Noreg. Utstillinga er utvikla gjennom eit internasjonalt samarbeid mellom House of Languages og den latgaliske kulturrørsla Volūda i Latvia og Nynorsk kultursentrum. I 2025 har prosjektet vore arbeidd målretta med, og utstillinga skal gjerast ferdig og lanserast i 2026. Prosjektet er finansiert gjennom EØS- og Noreg-midlane og har styrkt internasjonalt samarbeid og digital språkformidling.

Avdeling T

Avdeling T er ein ny barnepodkast laga for og med barn, produsert av formidlar Anja Haugland Svingen og digitalformidlar Mari Tveiti. Episodane kombinerer spenning og humor og inkluderer både barn og forfattarar som hjelper til. I 2025 publiserte Nynorsk kultursentrum åtte eigenproduserte episodar fordelte på to sesongar av *Avdeling T*. I 2026 er planen å publisere åtte nye episodar fordelte på to sesongar til.

Følgjarar i sosiale medium

I 2025 hadde Nynorsk kultursentrum til saman 22 189 følgjarar i sosiale medium. Til samanlikning var følgjartalet 21 497 i 2024.

Podkast og YouTube

Det vart publisert åtte podkastepisodar i 2025. Til saman vart dei spelte av 882 gonger. Talet avspelingar totalt for podkastar var 1 983 i 2025 mot 1 269 i 2024.

Det var totalt 17 471 avspelingar i YouTube-kanalen i 2025 mot 19 020 i 2024. Det vart ikkje publisert nye videoar.

Digitalisering

Der er alt registrert og publisert fleire hundre bøker frå Hauge-boksamlinga. Arbeidet med å gjere heile samlinga tilgjengeleg på DigitaltMuseum held fram i 2026. Det er også arbeidd med å fylla ut postane frå Aasen-boksamlinga på DigitaltMuseum med meir informasjon.

Store norske leksikon

Det var 6,2 millionar sidevisingar for nynorskinnhaldet på Store norske leksikon i 2025. Dette er ein nedgang på 0,9 million frå 2024, som kjem av Googles AI-oversikt som blei lansert i mai 2025. Totalt er 21 116 av artiklane skrivne på nynorsk, ein auke på 405 artiklar frå året før. I Vesle norske leksikon var 12 prosent av artiklane på nynorsk ved utgangen av året.



Randi Fuglehaug underholdt publikum ved Ørsta, Giske, Sula og Sjøholt bibliotek. Forfatter Ann Helen Kolås Ingebrigtsen leia samtale, då dei var på turné i Litteraturhus i Møre og Romsdal.



Skodespelarane Hanne Mellingen og Ronnie Mega Herdlevær var innom Vinjesenteret og for å øve på produksjonen Les for livet før turné til fleire skular i Vest-Telemark.



Maria Parr besøkte det nynorske pilotbiblioteket i Hægebostad og Eiken.



Oddgeir Bruaset var på turné i Litteraturhus i Møre og Romsdal og besøkte fem bibliotek på Sunnmøre, hausten 2025. Han fortalte historier om der ein ikkje skulle tru at folk ville bu og også om studietida si i Volda.



Over 200 elevar frå 3. trinn i Ørsta og Volda deltok i det årlege prosjektet Bli kjend med Ivar Aasen i 2025.



Nynorsk kultursentrum deltok i panelsamtale om språkmangfald og demokrati på Avots-festivalen i Latvia.



DKS-framsyninga Eg vil ha rytme! Eg vil ha ord! vitja mellom anna Kviteseid skule.



Lingupolis er ei digital utstilling om mindretalsspråk, med særleg vekt på latgalisk i Latvia og nynorsk i Noreg.



5.-7. klasse ved Dalane skule i Ørsta var blant dei som fekk sjå DKS-framsyninga Hjarte i alle fargar.



Direktør Olav Øyehaug Opsvik og museumsleiar Tone Slenes deltok i samtale med kollegaer frå det gryande latviske språkmuseet House of Languages / Valodu muzejs og ein språk-aktivist for det latgaliske språket i den frivillige organisasjonen LgSC.




Anna Kleiva og Vilde Tuv var på turné i Vest-Telemark med fram-syninga Solplomme.




Avdeling T er ei ny podkastsatsing for og med barn, med mål om å auke leseglede og leselyst.

Økonomi


Driftsinntekter



Driftskostnader



Årsresultat



Nynorsk kultursentrum har stabil drift og eigenkapital tilsvarande 37 prosent av driftsinntektene. Dette gir eit solid grunnlag for den vidare drifta.

Rekneskap 2025

Stiftinga hadde driftsinntekter på 37 104 889 kroner og driftskostnader på 36 135 667 kroner i 2025. 92 prosent av inntektene var offentlege tilskot, medan 8 prosent var marknadsinntekter, gåver og sponsormidlar. Stiftinga har inga langsiktig gjeld. Resultatet på 1 657 727 kroner styrkjer eigenkapitalen, som no er på 13 680 899 kroner.

Pensjonskostnader, lønskostnader og sosiale kostnader var på 57 prosent av dei samla inntektene, mot 53 prosent året før. Dei samla driftsinntektene var 6 prosent lågare, og driftskostnadene gjekk ned med 8,2 prosent.

Tilskot og prosjekt

Stiftinga har fått 845 000 kroner i private gåver og prosjektmidlar. Både gåvene og prosjektmidlane var øyremerkte til festivalar og formidlingstiltak.

Private gåver og prosjektmidlar

845 000 kroner

Investeringar


Det er gjort to større investeringar i 2025. På Hauge-senteret er det bygd om og innreidd eit nytt utstillingsrom med Hauge-boksamlinga til 1 183 514 kroner. I Aasantunet er det investert i nye ventilasjonsanlegg til kafé- og resepsjonsområdet og til kontorfløya på til saman 530 000 kroner.

Avsetjingar

Det er sett av 800 000 kroner til basisutstilling i Aasantunet, 350 000 kroner til tilsetjing av kunnskapsmedarbeidar og 80 000 til å auke tilskotet til SNL.

Sal

Eigeninntekter per inntektskjelde, etter arena



Selde bøker av butikksalet

57% 

-2 % frå 2024

Selde Ivar Aasen-boksarar

399 

-76 frå 2024

Nynorsk kultursentrum driv museumsbutikkar ved Haugesenteret, ved Vinjesenteret og i Aasentunet. Ved dei to sistnemnde musea har vi også kafé, og vi driv utleige av lokala. Nettbutikken handlenett.no er ein integrert del av butikkdrifta.

Svak oppgang i omsetnaden

Den totale omsetnaden i butikkane våre har gått litt opp frå 2024 til 2025, trass i at vi i 2025 berre hadde to av tre festivalar. Samstundes var det god julehandel både på nettet og i butikkane.

Nettbutikken

Netthandelen på handlenett.no utgjer om lag 26 prosent av omsetnaden i butikken i Aasentunet. Det var lagt opp til oppgradering og ny profil av nettbutikken i 2025, men dette er utsett til 2026 fordi vi skal oppgradere til nytt kassasystem i butikkane. På slutten av året vart Instagram teke meir i bruk for å profilere nettbutikken. Dette skal vi halde fram med i 2026.


Kafétilbod med lokalt preg

Vi satsar framleis på lokale råvarer i kafédrifta ved arenaene våre. Mykje av utvalet i kioskane og kafeane er levert av lokale eller spesialiserte matprodusentar og distributørar, og vi produserer også enkelte små rettar på staden. Samarbeidet med lokale leverandørar av ferdiglaga rettar held fram. Vi har gode rutinar for å hindre matsvinn.


Eigenutvikla varer

Vi har fleire eigenutvikla varer og kan dermed tilby kundane våre unike produkt. I 2025 vart det rett nok produserte færre eigenutvikla varer – berre festspelkrus med sitat av festspeldiktar Marit O Kaldhol og puter med sitat av Olav H. Hauge var nye produkt dette året. I 2026 blir det satsa på å utvide sortimentet. Nokre av varene våre vart også selde i butikkane til Det Norske Teatret, Sunnmørsalpane Guide Service, Garborgsenteret og Vitenfabrikken og i Nynorsk Bokhandel. I tillegg har vi mindre formelle samarbeid med til dømes Odda Mållag der dei sel produkta på marknader og liknande.

Omsetnad, butikkar



Omsetnad, kafé





Familie- og kulturkomiteén vitja Vinjesenteret i juni.



På vegner av Nynorsk forum gjennomførte direktør i Nynorsk kultursentrum Olav Øyehaug Opsvik arrangement på Arendalsuka i 2025.

Politisk arbeid

Nynorsk kultursentrum har til føremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. I tillegg til å drive med okumentere, forske og formidle engasjerer vi oss politisk på vegner av språket

I mai var Nynorsk kultursentrum glade for å ta i mot familie- og kulturkomiteen frå Stortinget til Vinjesenteret. Komiteen besøkte Vinjestoga og utstillinga og fekk sjå og prøve seg på Vinjerevla.

Nynorsk kultursentrum er sekretariat for Nynorsk forum, ei samanslutning av dei 21 viktigaste og mest sentrale nynorsk-organisasjonane, -institusjonane og -bedriftene. I 2025 vart det gjennomført to digitale og to fysiske samlingar i Nynorsk forum. Ei av desse samlingane var eit dagsseminar for forumet i Oslo. I tillegg til interne diskusjonar deltok Jeremy Evas frå dei walisiske styresmaktene med eit digitalt innlegg. Han er ansvarleg for språkstrategien i Wales, *Cymraeg 2050*.

På vegner av forumet deltok Nynorsk kultursentrum i høyringa i familie- og kulturkomiteen på Stortinget 30. oktober i samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2026. Handsaminga av statsbudsjettet i Stortinget resulterte i auke i tilskotet til Noregs Mållag, Teater Vestland, Det Vestnorske Teatret og Noregs ungdomslag.

Nynorsk forum gjennomførte arrangement på Arendalsuka

i 2025, med sekretæren for forumet, direktør Olav Øyehaug Opsvik, i spissen. Under overskrifta «Noreg 2050» drøfta fleire deltakarar norsk fagspråk, digitalisering og framtida for nynorsk språk. Statssekretær Marianne Wilhelmsen i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet deltok, i tillegg til stortingsrepresentant Lise Selnes, direktør Åse Wetås frå Språk-rådet, leiar Peder Lofnes Hauge frå Noregs Mållag og leiarane for dei nyetablerte fagspråksentera ved høvesvis Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen, Unn Røyneland og Marita Kristiansen. I tillegg til dei om lag 60 tilhøyrarane i rommet deltok 196 sjåarar digitalt.

Nynorsk kultursentrum deltok på generalforsamlinga til *Network to promote linguistic diversity* i Pamplona 8. mai 2025. Der vart stiftinga teken opp som medlem. I tillegg til fagleg utbytte gir medlemskapen høve til å treffe både politiske og administrative representantar for EU. Dette kan vere avgjerande for å følge med på og eventuelt påverke språkpolitikken knytt til kunstig intelligens, generative språkmodellar og store teknologiselskap. I november deltok Nynorsk kultursentrum også på konferanse i Leeuwarden, Friesland i regi av nettverket.



Funna av materiale etter Ivar Aasen på Solnør gard vart omtala i det populære NRK-programmet Norge i dag.



Festspela fekk mykje god omtale i regional presse, med godt over 20 publiserte artiklar med både før- og etteromtale.

Kommunikasjon

God og målretta kommunikasjon er viktig for at Nynorsk kultursentrum skal nå ut med verksemda og aktiviteten sin. I 2025 har vi vore synlege gjennom brei presseomtale og marknadsføring av museumstilbod og arrangement, både lokalt og nasjonalt.

Hovudsaker

Nynorsk kultursentrum fekk godt med presseomtale i 2025. Både lokal og nasjonal presse omtalte funna av materiale etter Ivar Aasen på Solnør gard. NRK Møre og Romsdal laga større saker både på TV, nett og radio. Saka vart også vist som innslag i det populære NRK-programmet Norge i dag.

NRK Møre og Romsdal hadde fleire radioinnslag om Festspela med både førehandsomtale og direkte sende intervju før og under festivalen. Festspela vart også veldig godt omtalte i regional presse med godt over 20 artiklar.

Både NRK Møre og Romsdal og NRK Hordaland hadde radiointervju med formidlarane bak den nye barnepodkastsatsinga *Avdeling T*. Podkysten fekk også god omtale i den lokale pressa i Hordaland, i Vest-Telemark og på Sunnmøre, og dessutan noko nasjonalt.

Marknadsstrategi

I 2025 har vi halde fram med å prioritere digital marknadsføring, særleg nasjonalt. Lokalt har vi nytta både digital og trykt annonsering.

Vi ser stadig på korleis vi kan effektivisere bruken av annonsekroner, samstundes som vi ønskjer å nå meir målretta ut til fleire. Vi er også opptekne av å etablere gode samarbeid med andre aktørar som kan styrkje posisjonen vår i marknaden og gjere oss endå meir synlege.

Ørsta, 25. februar 2026



Jan Olav Baarøy
styreleiar




Amela Koluder
nestleiar



Kristin Bakken
styremedlem




Vidar Lund
styremedlem




Stine Stennes Hovdenakk
styremedlem



Lars Kvestad
styremedlem



Janne Nygård
styremedlem



Olav Øyehaug Opsvik
direktør

Resultatrekneskap

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur STI

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2025	2024
Sal av varer		1 641 493	1 437 152
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	34 582 320	36 480 454
Billettsal		808 377	1 461 292
Andre inntekter		72 699	99 987
Sum driftsinntekter		<u>37 104 889</u>	<u>39 478 885</u>
Varekostnad		1 074 443	1 105 055
Lønskostnader m.m.	2	21 166 495	20 905 424
Ordinære avskrivningar	3	722 071	667 281
Leigekostnader		988 886	1 189 519
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 513 298	1 651 479
Reparasjonar og vedlikehald		226 833	247 904
Reise/oppald		2 007 147	2 609 344
Honorar	2	4 002 002	6 612 611
Marknadsføring		948 757	1 157 212
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 811 817	1 794 462
Andre driftskostnader		1 673 918	1 441 621
Sum driftskostnader		<u>36 135 667</u>	<u>39 381 912</u>
Driftsresultat		<u>969 222</u>	<u>96 973</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		689 113	747 086
Annan Finansinntekt		0	2 692
Rentekostnader		608	613
Annan finanskostnad		0	75
Resultat av finanspostar		<u>688 505</u>	<u>749 089</u>
Resultat før skattekostnad		<u>1 657 727</u>	<u>846 062</u>
Resultat		<u>1 657 727</u>	<u>846 062</u>
Årsoverskot	4	<u>1 657 727</u>	<u>846 062</u>
Overføringar			
Avsett til forpliktingar	4	1 230 000	600 000
Overføringar annan eigenkapital	4	427 727	246 062
Sum overføringar		<u>1 657 727</u>	<u>846 062</u>

Balanse

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur STI

Eigedelar	Note	2025	2024
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Utekafe, -scene, stabbur og ny veg	3	2 481 773	1 658 629
Inventar og utstyr	3	1 446 660	1 461 594
Sum varige driftsmiddel		<u>3 928 434</u>	<u>3 120 223</u>
Finansielle driftsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler		50 000	50 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>50 000</u>	<u>50 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>3 978 434</u>	<u>3 170 223</u>
Omløpsmiddel			
Varelager	5	1 588 300	1 542 000
Krav			
Kundar	6	586 350	516 375
Andre krav	6	795 721	633 259
Sum krav		<u>1 382 072</u>	<u>1 149 634</u>
Bank, kasse (bundne skattetrekksmidler utgjer kr 871 843)		14 194 954	13 273 263
Sum omløpsmiddel		<u>17 165 326</u>	<u>15 964 897</u>
Sum eigedelar		<u>21 143 760</u>	<u>19 135 120</u>

Balanse


Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur STI

Eigenkapital og gjeld	Note	2025	2024
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	4	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>270 000</u>	<u>270 000</u>
Opptent eigenkapital			
Avsetjing for framtidige kostnader	4	6 212 182	4 982 182
Annan eigenkapital	4	7 198 717	6 770 990
Sum opptent eigenkapital		<u>13 410 899</u>	<u>11 753 172</u>
Sum eigenkapital		<u>13 680 899</u>	<u>12 023 172</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 023 733	810 693
Trekk og offentlege avgifter		1 622 830	1 463 467
Påkomne kostnader		2 199 340	2 259 060
Periodiserte tilskot		2 616 957	2 578 728
Sum kortsiktig gjeld		<u>7 462 861</u>	<u>7 111 948</u>
Sum gjeld		<u>7 462 861</u>	<u>7 111 948</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>21 143 760</u>	<u>19 135 120</u>


I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 25.2.26




Jan Olav Baarøy
Styreleiar



Amela Koluder
Styremedlem




Lars August Hafting Kvestad
Styremedlem




Janne-Kristin Svarstad Nygård
Styremedlem




Kristin Bakken
Styremedlem



Stine S. Hovdenakk
Styremedlem



Vidar Lund
Styremedlem



Olav Øyehaug Opsvik
Direktør

NOTAR for 2025

Nynorsk Kultursentrum, musea for skriftkultur STI

Rekneskapsprinsipp

Stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Stiftinga driv tre museum; Aasentunet i Ørsta, Haugesenteret i Ulvik og Vinjesenteret i Telemark.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar.

Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1 Offentlege og andre tilskot (inntektsført del i 2025)	2025	2024
Kulturdepartementet	26 821 000	27 495 000
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	637 665	614 450
Tilskot frå Vestland fylkeskommune	1 359 824	1 295 071
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	300 000	250 000
Tilskot frå Ulvik kommune	1 350 000	1 564 000
Tilskot frå Vinje kommune	1 587 702	1 477 140
Tilskot Norsk kulturråd	440 000	325 000
Tilskot Vestfold og Telemark Fylkeskommune	938 555	938 555
Tilskot frå Nasjonalbiblioteket		
Tilskot Fritt Ord	200 000	310 000
Andre offentlege tilskot	542 574	1 511 153
Andre tilskot	225 000	123 915
Gåvemidlar	180 000	576 171
Sum tilskot	34 582 320	36 480 454

Note 2 Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

	2025	2024
Lønskostnad	16 778 551	16 764 363
Folketrygdavgift	2 417 635	2 394 278
Oppg.pl. honorar	370 504	368 000
Pensjonsytingar	1 206 890	998 234
Andre ytingar	392 914	380 549
	<u>21 166 495</u>	<u>20 905 424</u>
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	22,4	25,7

Note 3 Driftsmiddel, avskrivningar

Tilskot til inventar/utstilling og bygg	Inventar/ utstilling/bil/retta r	Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/veg	Bygg	Sum
Kostpris l.l.	27 014 321	8 819 445	43 800 000	79 633 766
+ Tilgang	369 204	1 511 076	0	1 880 280
- Avgang	0	0	0	0
- Tilskot	0	-350 000	0	-350 000
-Overføring frå egne avsetjingar	0	0	0	0
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-19 954 362	-4 514 500	-43 800 000	-68 268 862
Akk. avskrivningar 31.12.	-5 982 502	-3 334 248	0	-9 316 751
Bokført verdi 31.12	1 446 660	2 481 773	0	3 928 434
Avskrivningar i år	384 106	337 965	0	722 071
Avskrivingssats	10-33%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarende sum som tilskot.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 4 Eigenkapital

	Grunnfond	Avsetjing til framtidige forpliktingar	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2025	270 000	4 982 182	6 770 990	12 023 172
Årets resultat		1 230 000	427 727	1 657 727
Bruk av avsetjing til framtidige kostnader		0	0	0
Eigenkapital pr. 31.12.2025	<u>270 000</u>	<u>6 212 182</u>	<u>7 198 717</u>	<u>13 680 899</u>

Note 5 Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 6 Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Til styret i

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Melding frå uavhengig revisor

Side 1 av 2

Konklusjon

Vi har revidert **Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 1.657.727. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2025 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvise bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvikla.

ØRSTA:	NORDFJORDEID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsg. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter blir det vist til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, 25.2.2026

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS



Dag Høpland
statsautorisert revisor



Skann qr-koden og sjå fyllepennen til Ivar Aasen i 360°

